



HERØY
kommune

Årsrapport 2020



EI BÅTLENGD FØRE

Herøy kommune – Oversyn

Herøy kommune i Møre og Romsdal er perla yst i storhavet på Sunnmøre. Det er ein og ein halv time reisetid til Ålesund og under ein time til Ørsta-Volda lufthamn.

Kommunen har nesten 9000 innbyggjarar, og om lag 650 tilsette i kommuneorganisasjonen.

Næringslivet står sterkt i Herøy med lange tradisjonar for å skape verdier frå hav og fiske.

Redaksjon: Kommunedirektør, Trond Arne Aglen
Kommunikasjonssjef, Iselin Nevstad Øvrelid
Rådgjevar, Ane Malene S. Nygård

Innhold

OVERSYN

Kommunedirektøren	5
Ordføreren har ordet	7
Årets ungdomskommune	8
Berekraftige Herøy	10
Administrativt og politisk organisasjonskart	12
Organisasjon - HR og HMS	14
Økonomi	23
Utviklingstrekk og analysar	36

STAB

Dokumentsenter og politisk sekretariat	39
Servicetorg	40
Eigedom	41
Personal og organisasjon	42
Økonomi	44
	45

HELSE OG OMSORG

Tenestekoordinerer	47
Pleie og omsorg	48
Barn, familie og helse	49
Bu og habilitering	50
	52

OPPVEKST

Pedagogisk psykologisk teneste	55
Herøy kulturskule	56
Kvalifiseringssenteret	56
Grunnskule	58
Barnehage	59
	60

SAMFUNNSUTVIKLING

Anlegg og drift	63
Utvikling	64
Landbruk	64
Brann	65
Kultur	65
	66

Kommunikasjonsprisen 2020	67
---------------------------	----



Kommunedirektøren

2020 har vore eit utfordrande og annleis år også for Herøy kommune, med store utfordringa knytt til pandemi.

Organisasjonen har måtte tilpasse drifta i tråd med dei strenge nasjonale føringar. Lukking av institusjonar og stenging av barnahagar og skular har vore krevjande for innbyggjarane, men også for våre tilsette.

Ekstra spanande har det og vore for meg som ny i rolla som kommunedirektør. Det tar tid å bli kjend med organisasjonen og kommunen. Eg opplever å ha blitt godt motteke av både



eigne tilsette, politikarane og innbyggjarane i Herøy kommune. Eg har frå første dag hatt fokus på å revidere og oppdatere alt frå planverk, instruksar, rutinar og reglement for å skape eit godt fungerande styringssystem, berekraftig økonomi og styrka samspel mellom politikk og administrasjon.

2020 vart eit økonomisk krevjande år for Herøy kommune, med eit negativt netto driftsresultat på kr. 3.750.000,-. Sjølv om ein ikkje klarte heile innsparingskravet er eg nøgd med resultatet.

Utviklinga i demografien, med jamn nedgang i folketalet, færre barn og unge, og fleire eldre, påverkar ikkje berre driftsrammene våre, men utfordrar oss i korleis vi skal fordele ressursane i behovet for tenester.

Årsrapporten skildrar omfang og resultat, utviklingstrekk og viktige hendingar for kommunen 2020. Den dokumenterer status og historia frå året som gjekk, men kan berre brukast til å sjå og handle framover!

Heilt til slutt vil eg takke alle leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde for den innsatsen dei kvar einaste dag legg ned rundt om på arbeidsplassane. Dei bidreg kvar på deira måte til å skape innhald i kommunen sine verdiar: tillit, samhandling og respekt. Saman gjer dykk Herøy kommune til ein god stad å bu.

Helsing kommunedirektør, Trond Arne Aglen



Eit annleis år, også politisk:

Kommunestyret før koronapandemien. Dei folkevalde fekk gjennomført møte, men avstand og smittevern var gjennomgåande i 2020.





Ordføraren har ordet

Etter 16 år var 2020 meint å bli det første heile året med eit nytt politisk leiarskap, der nye kostar og nye tankar skulle få sette sitt preg på utviklinga i Herøy.

Som ny i ordførarstolen hadde eg store tankar om å vitje bedrifter, kommunale avdelingar, treffe folk og halde møte for å bli betre kjend med det som rører seg i kommunen vår. Alle desse stortenkte planane måtte leggjast på is då koronaen nådde oss. Vi vart alle utfordra på ein heilt ny og spesiell måte. Koronaen gjorde at vi måtte leve liva våre på heilt anna vis enn vi var vande med.

På trass av pandemien, skjedde det også mykje positivt. Økonomien vart langt på veg berga av at fiskeria hadde eit toppår. Vi byrja m.a. bygginga av ny brannstasjon og lokale for politiet i Fosnavåg. Til liks med dei fleste kommunar gjer mangel på økonomisk handlingsrom at vi slit med å legge til rette for eit så godt tenestetilbod som vi skulle ønske. Innbyggartalet gjekk ned i 2020 og talet på arbeidslause gjekk opp. Vi har store utfordringar når det gjeld å legge til rette for nye arbeidsplassar og tilbod som gjer at vi snur fråflyttingsstraumen.

I juni gjekk Olaus-Jon Kopperstad av som rådmann etter nær 40 års teneste i Herøy. Eg takkar han for lang og tru teneste. 1. august hadde vår nye kommunedirektør, Trond Arne Aglen, sin første arbeidsdag i Herøy. På den korte tida

han har vore her, har han alt greidd å sette sitt klare avtrykk i organisasjonen.

Mot slutten av året vedtok vi m.a. ei storsatsing på kaibygging på Mjølstadneset og oppstart av planarbeidet med omsorgssenter. 2020 vart også starten på ei storsatsing innan reiseliv og turisme. Utdjuping av Fosnavåg hamn greidde vi diverre ikkje lande i 2020, og det er framleis spaning knytt til når arbeidet med Nerlandsøybrua vil starte.

2020 vil bli hugsa som eit «annleisår». Utfordringane vil framleis stå i kø, men gjennom sterkare fellesskap, solidaritet, likeverd og inkludering skal vi herøyværingar framleis få til det mange meiner er umogleg.

Eg vil rette ei stor takk til alle dei fantastiske medarbeidarane i kommunen, næringslivet som skapar verdiane så vi har noko å dele, og frivillige organisasjonar.

2020 er historie. No ser vi mot framtida. Det er trass alt der vi skal vere resten av livet.

Helsing ordførar, Bjørn Prytz

Årets ungdomskommune 2020

Herøy vart årets ungdomskommune i 2020.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin pris for årets ungdomskommune 2020 gjekk til Herøy kommune fordi kommunen har:

- Lagt til rette for medverknad frå ungdom.
- Skapt gode møtestadar for ungdom.
- Lagt til rette for eit allsidig fritidstilbod for ungdom
- Eller på anna vis har gjort ein særskild innsats for ungdom i kommunen.

Arbeidet med UFO (ungdomsfritidsordninga) har vore tungtvegande ved tildeling av prisen. Herøy ungdomsråd fekk ideen til UFO etter UNGdata-undersøkinga i 2017. No viser tala at ungdomane er meir fornøgde med fritidsaktivitetane og møteplassar no enn tidlegare.

Ideen med UFO er at ungdomane som etter skuletid og utan tilsyn oppheld seg i gangane på kulturhuset, der dei ventar på treningar, kulturskuletilbod og/eller andre fritidsaktivitetar, skal ha ein stad å vere. På fritidsklubben møter dei vaksne som dei stoler på, i eit miljø dei er godt kjende med. Her kan dei kjøpe seg sunn og billig mat, gjere lekser, spele musikk, vere sosiale på tvers av interesser, eller snakke med ein vaksen om dei ønsker det. Dei som ikkje har fritidsaktivitetar som dei skal på etter skuletid, kan også kome.

Dei langsiktige måla er blant anna å oppnå styrka fellesskap, førebyggje mobbing og auke bulysta i Herøy.



Seksjonsleiar i kulturavdelinga,
Mona-Grethe Ryssevik saman med
Maria Sævik og Arjan Sydhagen
Dalsøren i Herøy ungdomsråd.

Berekraftige Herøy



Stortinget og regjeringa har vedteke at FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for kommunen si samfunns- og arealplanlegging. Berekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utjamne ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030.

Innanfor berekraftsmåla ligg tre grunnelement som har betydning for samfunnsutviklinga: økologi, økonomi og sosiale forhold.

Kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og berekraftsmåla i Noreg.

Vi er nærast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samstundes er vi ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar befolkningas levkår og utviklingsmoglegheiter. Difor er det avgjerande å sette klare rammer for berekraftig utvikling i offentleg planlegging.

Berekraftsmåla gir difor viktige føringar for Herøy kommune sine tenesteområde og kjem til å vere med på å gjere kommunen berekraftig og framtidsretta.

I 2020 starta arbeidet med å måle alle kommunane i Møre og Romsdal opp mot FN sine berekraftsmål. Møre og Romsdal er den første fylkeskommunen der alle kommunane har forplikta seg til å arbeide med berekraftsmåla på denne måten og har som mål å bli berekraftsfylke nummer 1 i Noreg.

Vi må vite kvar vi står for å kunne bli betre.



- 3 **God Helse**
 Å sikre god helse og fremje livskvalitet for alle, uansett alder.




- 4 **God utdanning**
 Sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje høve for livslang læring for alle.




- 9 **Innovasjon**
 Næringsareal med solid infrastruktur, fremjar inkluderande og berekraftig industrialisering og bidreg til innovasjon.




- 14 **Livet i havet**
 Marine grunnkart legg grunnlaget for ein kystsoneplan for søre Sunnmøre.




Administrativt organisasjonskart



Politisk organisasjonskart





Organisasjon – HR og HMS

Personal- og organisasjonsavdelinga har også i 2020 jobba tett oppimot leiarar, tilsette, verneteneste og tillitsvalde.

Frå vår ståstad er det viktig å sjå organisasjonen i eit heilskapleg perspektiv, medverke til at organisasjonen når måla sine, at vi står for likebehandling, og at rettar og pliktar vert oppfatta som rettferdige.

At HMS-faktorane er gode, er ein viktig føresetnad for at vi skal levere gode tenester og ikkje minst at tilsette i Herøy kommune skal ha det bra på arbeidsplassen sin.





Organisasjon – HR og HMS

TILSETTE

Herøy kommune hadde 751 tilsette ved utgangen av 2020. Disse fordelt på 84 % kvinner og 16 % menn. Tabellen til høyre syner fordelinga av kvinner og menn inndelt etter sektor.

Totalt er det 559,7 årsverk i organisasjonen. Dette talet syner at vi framleis har mange deltidstillsette i kommunen. I tabellen under ser du oversikt over tilsette fordelt på alder.

	Kvinne		Mann	
	Tal	Prosent	Tal	Prosent
Helse og omsorg	343	93 %	27	7 %
Barn, familie og helse	54	87 %	8	13 %
Bu- og Habilitering	70	85 %	12	15 %
Pleie og Omsorg	218	98 %	5	2 %
Tenestekoordinerer	6	67 %	3	33 %
Oppvekst	214	87 %	33	13 %
Barnehage	48	100 %		0 %
Herøy Kulturskule	9	60 %	6	40 %
Kvalifiseringssenter	6	86 %	1	14 %
Skule	152	85 %	26	15 %
Samfunnsutvikling	15	26 %	43	74 %
Anlegg og drift	1	10 %	9	90 %
Brann		0 %	21	100 %
Kultur	10	67 %	5	33 %
Landbruk	1	50 %	1	50 %
Utviklingsavdelinga	3	30 %	7	70 %
Stab	65	77 %	19	23 %
Dokumentsenter og pol.sekr.	2	67 %	1	33 %
Eigedom	32	73 %	12	27 %
Kommunedirektør		0 %	1	100 %
Personal og organisasjon	20	95 %	1	5 %
Politisk		0 %	2	100 %
Servicetorget	5	100 %		0 %
Økonomi	6	75 %	2	25 %
Totalsum	629	84 %	122	16 %

Tilsette fordelt på alder	
> 20 år	7
20-29 år	92
30-39 år	130
40-49 år	170
50-59 år	216
60-69 år	135
over 70 år	1

LÆRLINGAR

Gjennom 2020 har Herøy kommune hatt 18 lærlingar gjennom Opplæringskontoret Søre Sunnmøre, der 7 av lærlingane gjekk opp til fagprøve i løpet av sommaren.

I andre halvdel av året hadde vi 11 lærlingar. Lærlingane har vore fordelt på oppvekst og helse og omsorg, dette inkludert kjøkken.

Tenestekoordinering har ei viktig rolle med å organisere og administrere lærlingane innan helse og omsorg, i tillegg til avdelingsleiara-
ne som følgjer dei opp slik at dei når mål om fagprøve.



Celine- Amelie Moltu Djupvik var ferdig som lærling i Myrsnipa barnehage i 2020.

SJUKEFRÅVÆR


Herøy kommune har eit mål om at sjukefråværet ikkje skal overstige 7,5 %. Sjukefråværet dei ti siste åra har variert noko, men har i hovudsak vore konsentrert rundt 7 og 8 prosent. I 2020 har vi opplevd ein oppgang i sjukefråværet frå 2019, der fråværet er i overkant av 8 %.

Talet for 2020 merkar seg likevel ikkje ut samanlikna med tala dei siste åra, og vi kan såleis ikkje snakke om nokon negativ trend i sjukefråværet.

Det er særleg to forhold ved sjukefråværet det er grunn til å kommentere. Sjukefråværet har til dels store variasjonar mellom avdelingane i dei ulike sektorane, og sjukefråværskurva varierer gjennom året. Andre tertial har gjennomgåande lågare sjukefråvær enn resten av året.

I arbeidet med sjukefråvær samarbeider vi med Nav lokalt, Nav arbeidslivssenter og bedriftshelsetenesta. Desse er også involvert i det førebyggjande arbeidet. Med grunnlag i eksisterande tal har vi eit utviklingspotensiale både når det gjeld førebygging og oppfølging av sjukefråvær.

Vi har forventningar til at eit tettare samarbeid med legane kan skape betre og effektivt handtering av sjukefråvær, og at vi kan bli betre på å finne løysingar saman. Bakgrunnsvariablane for sjukefråvær er svært samansette, og det kan sjåast i samanheng med ulike tilhøve på arbeidsplassen eller privat. Sjukefråværet i avdelingane kjem fram avdelingsvis i årsrapporten.



HMS-ARBEID

Arbeidet med helse, miljø og trykkleik skal sikre at alle på arbeidsplassen har eit forsvarleg arbeidsmiljø. I dette arbeidet er det viktig å sikre at leiarar, verneteneste og tillitsvalde har tilstrekkeleg kunnskapar om HMS. Dei siste åra har kommunane i 7-stjerna samarbeida om å arrangere HMS-kurs for leiarar, verneteneste og tillitsvalde. I 2020 deltok 20 frå Herøy.

Bedriftshelsetenesta er ein viktig samarbeidspartner i HMS-arbeidet, og i 2020 har Avonova mellom anna gjennomført kurs i førstehjelp, undervisning knytt til psykososialt arbeidsmiljø, førstehjelp, arbeidsplassvurdering og rettleiing i samband med samsvarsvurdering. Herøy kommune har i samarbeid med bedriftshelsetenesta arbeida målretta for at aktivitetane i samarbeidsplanen skal vere førebyggjande og at leiarane skal få kunnskap om å risikovurdere eigen arbeidsplass.

Arbeidstilsynet sender signal til offentleg og private verksemdar om kva som er viktige innsatsområder, og i 2020 hadde Arbeidstilsynet rettleiingsmøte med Herøy, Vanylven og Sande om vald og trugslar. Arbeid med dette var også teken med i samarbeidsplanen med bedriftshelsetenesta, og vil bli ytterlegare styrka i planen for 2021.

LIKESTILLING OG DISKRIMINERING

Herøy kommune arbeider for å fremje likestilling og hindre diskriminering i organisasjonen, og for innbyggjarane vi yter tenester til. Vurderingar om likestilling og diskriminering vert teken inn i rekrutteringsprosessar, og lønspolitikken legg føringar på likestillingsaspektet ved lønsfastsetjing.

LIKELØNN

Med grunnlag i lønspolitikken har det blitt jobba med å sikre likeløn for kvinner og menn.

Likestilling handlar også om heiltid, høve til å kunne jobbe 100 % stilling. I 2020 var 423 kvinner og 50 menn tilsett i deltidsstillingar i Herøy kommune, av eit samla tal på 751 tilsette.

Heiltidskultur

Herøy kommune har sidan 2014 jobba aktivt for å auke opp stillingsprosenten for tilsette som jobbar deltid. Dette med å kartlegge tilsette sine ønskjer, og jobbe målretta gjennom medviten rekruttering, internt og eksternt. Dette arbeidet har halde fram sidan. I 2019 og 2020 deltok leiarar frå helse og omsorg, tillitsvalde og personalleiar på «Arbeidsverkstad for heiltidskultur» regi av KS. Dette gav grunnlag for eit pilotprosjekt i avdeling for pleie og omsorg, og etablering av bemanningsteam. Ein følge av dette er at den gjennomsnittlege stillingsprosenten har auka, og avdelinga har sett seg sprangvise mål om stillingsprosent.

Heiltidskultur er også eit arbeid for å sikre kvalitet i tenestene, og i arbeidet med heiltidskultur ligg også ei forståing for at heiltid skaper sterkare tilhøyrslø og identitet til arbeidsplassen. Heiltidskultur er med på å fremje nærvær på arbeidsplassen.

ETISK STANDARD

Herøy kommune har dei siste tre åra jobba med ulike rammer som fortel noko om kva forventningar arbeidsgjevar har til sine medarbeidarar og samhandling internt og eksternt.

I 2020 vart Herøy kommune si verdiplattform vedtatt. Vi fekk også ein ytringsplakat som skal rettleie og sette ein standard for korleis vi opptrer i sosiale medium. I botnen for desse ligg «Ethiske prinsipp for politikarar og tilsette i Herøy kommune».

I samband med at den nye personvernforordninga kom i 2019, har personvernet fått meir merksemd i organisasjonen. Alle sektorane utarbeidde våren 2019 GDPR-protokollar, som grunnlag for å forklare kva personopplysningar som eksisterer innanfor dei ulike tenestene, kvar dei vert oppbevart og korleis desse vert brukte. Grunnlaget for oppbevaring av opplysningar endrar seg over tid, noko som gir krav om oppdatering. Herøy kommune har også eit personvernombod som skal jobbe for at tilsette og innbyggjarar vert behandla i tråd med norsk lovgjevnad.



INTERNKONTROLL

Å utarbeide god og systematisk kontroll av det som føregår i organisasjonen er ein omfattande og kontinuerleg prosess. Herøy kommune nyttar kvalitetssystemet Compilo.

I dette systemet blir reglement, retningslinjer, rutinar, skildringar av arbeidsprosessar, rettar og pliktar for tilsette m.m. oppbevart og gjort tilgjengeleg for alle tilsette. Rapportering av avvik og lukking av avvik skjer også i dette systemet. Med utviklinga i talet på avvik, ser vi ein stadig veksande kultur for å bruke Compilo for å betre kvaliteten og sikre eigenkontroll med tenestene. Sak- og arkivsystemet Acos som vart teken i bruk våren 2019 er med på å sikre krav til dokumentasjon. Både når det gjeld krav til oppbevaring, men også til at gjennomførte aktivitetar kan etterprøvast. Kommunen har i 2020 hatt tilsyn frå Fylkesmannen (Statsforvaltaren), Arbeidstilsynet og Mattilsynet:

Gjennomførte tilsyn i 2020.

Oppvekst:

Tilsyn skulemiljø: Ytre Herøy ungdomskule. Det vart funne små avvik, som vart lukka.

Eigedom:

Tilsyn frå Mattilsynet: Hovudkjøkken, helse og omsorg, vedtak om vedlikehald, næringsmiddelforskrifta §1. Tilsyn Arbeidstilsynet, krav om pålegg knytt til arbeidslokale brannstasjon. Alle krav til pålegg er oppfylt.

Helse og omsorg:

Tilsyn Arbeidstilsynet, postalt tilsyn. Krav i tilsynet er innfridd. Tilsyn Statsforvaltaren, sosiale tenester Nav, krav om tiltak er gjennomført.


AVVIK OG VARSLING

Herøy kommune nyttar avvikssystemet Compilo til å registrere og behandle avvik. Avvik er tema i HMS-gruppene, arbeidsmiljøutvalet og i leiar og avdelingsmøter. Tillitsvalde og vernetenesta blir såleis involvert i arbeidet med avvik. Vi har likevel grunn til å tru at det fins ein del mørketal innanfor dei ulike avviksområda, og at det kan vere skilje mellom kor aktive avdelingane er til å melde avvik. Generelt ser vi ein auke i registrering av avvik. Dette er positivt, og tyder på auka kunnskap og forståing for å melde avvik.

HMS-avvik har meir enn tredobla seg dei siste 10 åra, og vi kan sjå ein auke i avvik som gjeld vald og trugslar. Bedriftshelsetenesta har i

2020 halde kurs om vald og trugslar, og rett-leiing knytt til risikovurdering. Dette arbeidet vil halde fram i 2021, for å utvikle kompetanse, førebygge og handtere vald og trugslar for å sikre forsvarleg arbeidsmiljø.

I situasjonar der det er grunnlag for å varsle om kritikkverdige tilhøve på arbeidsplassen, er Compilo også kanalen for dette. Det er likevel høve til å sende varsel utanom denne kanalen, anten til leiar, avdelingsleiar, kommunedirektør eller via verneteneste/tillitsvald. Kvar arbeidsplass i Herøy kommune har ein varslingsplakat som fortel korleis du skal gå fram. Det har vore få varslings saker i 2020, og dei som har kome er handsama og lukka.







Økonomi

Herøy kommune klarte ikkje sine økonomiske målsetjingar i 2020, der målet var netto driftsresultat på 1,75 % (vart -0,5 %) av driftsinntektene og at disposisjonsfonda skulle utgjere 10 % av samla driftsinntekter.

Resultatet vart -0,5 % netto driftsresultat og disposisjonsfonda utgjorde om lag 7 % av samla driftsinntekter. Likevel gjekk det betre økonomisk enn frykta. Budsjettet vart saldert med 17,0 mill. i rammekutt og 14,65 mill. i bruk av disposisjonsfond. Sjølv om ikkje driftseiningane klarte inn- sparingskravet vart inntektene knytt til skatt og rammetilskot, samt at utbyttet frå Tussa vart høgare enn venta. Dette bidrog til at kommunen brukte nær 7,5 mill. kr av fondsmidlane til salderinga.

MÅL	Netto driftsresultat skal vere minimum 1,75 % av netto driftsinntekter innan 2020.	Driftsfondet skal vere på 10 % av netto driftsinntekter innan 2020.
Korleis lukkast?	Realistisk budsjettering og god økonomistyring	Realistisk budsjettering og god økonomistyring
Korleis måle?	Rekneskap	Rekneskap.
Status 2019	1,60 %	58.995.000 (8,59 %)
Ambisjon 2020	1,75 %	70.300.000 (10,00 %)
Resultat 2020	- 0,5 %	51.429.000 (7,07 %)



Driftsresultat

Kommunen har teke i bruk ein økonomisk handlingsregel. For budsjett 2020 var den slik:

- Netto driftsresultat 1,75 % av samla driftsinntekter, om lag 12,8 mill. kr.
- Driftsfond 10 % av samla driftsinntekter, om lag 73,0 mill. kr.

§ 5-6. Økonomisk oversikt etter art – drift

Rekneskap		Justert	Opphavelag	
Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	budsjett 0020	budsjett 2020	Rekneskap 2019
Driftsinntekter				
Rammetilskot	-224 894	-230 510	-215 070	-208 199
Innteks- og formuesskatt	-308 399	-298 766	-299 700	-303 238
Eigedomsskatt	0	0	0	0
Andre skatteinntekter	0	0	0	0
Andre overføringar og tilskot frå staten	-25 981	-43 587	-39 444	-46 622
Overføringar og tilskot frå andre	-71 919	-36 112	-28 238	-47 686
Brukarbetalingar	-32 015	-28 898	-25 989	-28 724
Sals- og leigeinntekter	-67 258	-68 356	-68 356	-78 774
Sum driftsinntekter	-730 465	-706 228	-676 796	-713 242
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	363 163	372 016	360 325	354 650
Sosiale utgifter	86 469	103 910	100 485	91 787
Kjøp av varer og tenester	207 464	185 458	176 398	197 519
Overføringar og tilskot til andre	40 000	19 973	16 740	35 525
Avskrivningar	36 275	37 705	37 705	36 349
Sum driftsutgifter	733 371	719 063	691 654	715 831
Brutto driftsresultat	2 906	12 835	14 858	2 588
Finansinntekter/Finansutgifter				
Renteinntekter	-2 322	-2 020	-2 920	-2 919
Utbytte	-7 185	-7 100	-6 300	-6 690
Gevinst og tap på finansielle omløpsmiddel	-1 913	-3 000	-4 400	-5 312
Renteutgifter	16 087	17 935	20 735	15 732
Avdrag på lån	32 452	30 500	30 500	21 952
Netto finansutgifter	37 119	36 315	37 615	22 763
Motpost avskrivningar	-36 275	-38 005	-38 005	-36 349
Netto driftsresultat	3 750	11 145	14 468	-10 998
Disponering eller dekning av netto driftsresultat				
Overføring til investering	930	0	0	0
Netto avsetningar til/bruk av bundne driftsfond	2 886	462	182	2 827
Netto avsetningar til/bruk av disposisjonsfond	605	-3 436	-14 650	11 184
Dekning av tidlegare års meirforbruk	-8 171	-8 171	0	-11 184
Sum disponeringar/dekning av netto driftsresultat	-3 750	-11 145	-14 468	2 827
Fremført til inndecking i seinare år (meirforbruk)	0	0	0	-8 171

Nøkkeltal

Stor kostnadsvekst innan
helse og omsorg.

Låge, frie inntekter.

Lånegjelda er høg.

UTVIKLING I LÅNEGJELD OG DISPOSISJONSFOND:

	Lånegjeld	Disp. fond
2020	988.667.000	51.429.000
2019	852.124.000	58.995.000
2018	866.861.000	39.648.000
2017	840.732.000	39.642.000
2016	840.261.000	19.492.000
2015	776.977.000	7.615.000
2014	653.110.000	10.642.000
2013	604.802.000	12.070.000
2012	562.254.000	15.847.000
2011	501.792.000	15.276.000
2010	462.423.000	16.896.000
2009	428.853.000	7.031.000



Kommentarar til driftsrekneskapen

Godt driftsresultat, mykje driftsreservar og låg netto lånegjeld er viktige teikn på sunne kommunale finansar. Herøy har ikkje spesielt gode finansar. Finansane er dårlegare enn gjennomsnittet i Kommunegruppe 8 i 2019. Netto driftsresultat er imidlertid negativt. Reservane (disposisjonsfondet) er for små og kommunen har ei relativ stor netto lånegjeld.

NEGATIVT NETTO DRIFTSRESULTAT

Rekneskapen for Herøy kommune viser eit negativt netto driftsresultat på omlag av 3,75 mill. kr. Det er nær 7,4 mill. kr betre enn justert budsjett. I prosent av samla driftsinntekter utgjør dette 0,51 % medan teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at det bør vere på minst 1,75 % for norske kommunar. Det vil seie at vårt netto driftsresultat i 2020 er om lag 16,5 mill. dårlegare enn målsetjinga.

SKATTEVEKST

Skatteveksten på årsbasis for kommunane vart i statbudsjettet for 2020 sett til 1,4 %. Den faktiske skatteveksten vart imidlertid negativ med 0,7 % dvs. ein reduksjon i høve prognosen på 2,1 %. Herøy kommune hadde ein skattevekst i 2020 på 1,7 %.

FRIE INNTEKTER

Dei frie inntektene (skatt og rammetilskott) vart om lag 4,0 mill. høgare enn budsjettert. Dette i tillegg til at utgiftene knytt til samla løns- og sosiale kostnader og refusjon sjukeløn vart mykje lågare enn budsjettert (37,4 mill. kr) gjorde at kommunen fekk finansierte ramme-kutta på 17,0 mill. kr samt dekt inn betydeleg høgare kostnader enn budsjettert til kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon (14,5 mill. kr).

Meirutbetalingane her skuldast private barnehagar (4,1 mill. kr), legetenesta (5,0 mill. kr), pleie og omsorg og bu og habilitering (4,2 mill. kr). I tillegg til dette vart bruken av disposisjonsfond redusert med om lag 3,6 mill. kr sett i høve til regulert budsjett. Kommunen betaler minsteavdrag. Det betyr at avdraga vert rekna ut frå kommunen sine anleggsmidlar, avskrivning og lånegjeld. Avdraga på lån auka markant frå 2019 til 2020 (10,5 mill. kr). Dette skuldast auka lånegjeld og endra måte å rekne ut minsteavdraga på.

STORE SKILNADER

Sjølv om ein politisk har nokre budsjettendringssaker i 2020 ser ein at det framleis er til dels store skilnadar mellom rekneskapstala og justert budsjett på mange av utgifts- og inntektsartane. Særleg gjeld dette utgifter til lønn og sosiale utgifter som vart langt lågare enn budsjettert, medan utgiftene til kjøp av varer og tenester vart mykje høgare enn budsjettert. På inntektssida vart skatteinntekene høgare enn budsjettert. Likeeins overføringsinntektene. Både driftsutgiftene og driftsinntektene vart om lag 14,0 mill. høgare enn budsjettert. Ein del av dette skulast nok covid-19-situasjonen der fleire ekstra tildelingar kom seint i rekneskapsåret.

FOND

Ved inngangen av 2020 hadde Herøy kommune nær 59,0 mill. kr i ulike disposisjonsfond. Ved årsskiftet hadde desse blitt redusert til om lag 51,4 mill. kr. Kommunen sine bundne driftsfond (eks. RDA-midlane) var per 01.01.20 på om lag 18,7 mill. kr og per 31.12.20 hadde dei auka til nær 21,6 mill. kr. Mykje av dei bundne fonda er knytt opp mot ulike sjølvkostområde og andre

opp mot konkrete prosjekt. Alt dette kan nyttast til driftstiltak (73,0 mill. kr). Dei ulike investeringsfonda auka med om lag 20,4 mill. kr i 2020 og utgjorde totalt 33,3 mill. kr per 31.12.20. Desse midlane kan berre nyttast til investeringsføremål, og auken skyldast som nemnt ovanfor at RDA-midlane er omklassifisert til investeringsfond.

PENSJON

Etter §13 i årsrekneskapsforskrifta skal driftsrekneskapen belastast med pensjonskostnader som er rekna ut ifrå langsiktige føresetnader om avkastning, lønsvekst og G-regulering. Pensjonskostnadane vert rekna ut på ein annan måte enn pensjonspremien som vert betalt til pensjonsordningane, og det vil difor normalt vere ulikskapar mellom desse to summene.

Ulikskapen mellom betalt pensjonspremie og berekna pensjonskostnad vert kalla premieavvik, og denne skal inntekts- eller utgiftsførast i driftsrekneskapen. Premieavviket vert tilbakeført (amortisert) igjen neste år med 1/7 del per år for premieavvik som har oppstått i 2014 eller seinare, 1/10 del for premieavvik oppstått frå 2011 og 2013 og 1/15 for premieavvik oppstått frå 2002 (då ordninga starta) og til 2010.

Rekneskapsføring av premieavvik og amortisering av premieavvik har hatt innverknad på netto driftsresultat i 2020 ved at rekneskapsførte pensjonsutgifter er kr 4.342.707,- mindre enn faktisk betalte pensjonspremiar. Tabellen under syner dei balanseførte tala for premieavvik i 2019 og 2020.

AKKUMULERT PREMIEAVVIK	2020	2019
Sum anslått premieavvik tidlegare år per 01.01	30 950 372	23 763 641
+ årets premieavvik	11 153 565	12 353 839
-sum amortisert premieavvik dette året	6 810 858	5 167 108
= akkumulert premieavvik per 31.12	35 293 079	30 950 372
Arbeidsgjevaravgift av akkumulert premieavvik	4 819 957	4 364 003
SUM AKKUMULERT PREMIEAVVIK INK ARB.GJ. AVGIFT	40 113 036	33 349 090

NØKKELTAL

		2020	2019
Drift	Skatt	-308 399 000	-303 238 000
	Rammetilskott	-224 894 000	-208 199 000
	Driftsinntekter utan skatt og rammetilskott	-197 173 000	-201 806 000
	Brutto driftsresultat	2 906 000	2 588 000
	Netto driftsresultat	3 750 000	-10 998 000
	Netto driftsresultat i % av sum driftsinntekter	-0,51%	1,54%
	Driftsutgifter	733 371 000	715 831 000
	Renter og avdrag	37 119 000	22 763 000
Investering	Investeringar	159 876 000	109 465 000
Balanse	Brutto lånegjeld	-988 667 000	-852 124 000
	Netto renteutsett lånegjeld	-907 900 000	-738 040 000
	Netto lånegjeld i % av sum driftsinntekter	124,29%	103,47%
	Bruk av lån	-114 965 000	-78 014 000
	Bankinnskott og kontantar	165 566 000	98 257 000
	Kortsiktig gjeld	-118 895 000	-102 641 000
	Langsiktig gjeld	-1 880 854 000	-1 781 000
	Disposisjonsfond	51 429 000	58 995 000
	Disposisjonsfond i % av sum driftsinntekter	7,04%	8,27%
	Eigenkapital og gjeld	2 437 536 000	2 210 385 000
	Anleggsmiddlar	2 113 079 000	1 950 683 000
Resultat/	Skattedekningsgrad (skatt i % av samla dr.innt)	42,05%	42,36%
	Områda (drifta) si dekningsgrad	27,43%	28,29%
nøkkeltal	Brutto resultatgrad	-1,17	-1,25
	Netto resultatgrad	-1,05	3,15
	Likviditetsgrad 1	2,73	2,53
	Gjeldsgrad	2,21	2,32
	Innbyggjarar	8 858	8 900
	Brutto lånegjeld per innbyggjar	111 613	95 744

FORKLARINGAR

Skattedekningsgrad syner kor stor del av driftskostnadane som vert finansiert av skatteinntekter.

Områda si dekningsgrad syner kor mykje av driftskostnadane som vert finansiert av brukarinntekter, salsinntekter og refusjonar.

Brutto resultatgrad syner kor mykje brutto resultat utgjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).

Netto resultatgrad syner kor mykje netto resultat utfjer av korrigererte driftsutgifter (regulert med brutto/netto resultat).

Likviditetsgrad 1 er tilhøvet mellom omlaufsmiddlar og kortsiktig gjeld og den syner kommunen sin evne til å dekkje betalingspliktene framover.

Likviditetsgrad 1 bør vere større enn 2.

Gjeldsgrad er tilhøvet mellom eigenkapital og gjeld og er eit uttrykk for kva grad kommunen er rusta til å tåle tap før det går utover plikter ein har til lånegjevarane. Ei gjeldsgrad på 1 vil seie at kommunen har like mykje gjeld som eigenkapital. Til mindre gjeldsgrad til meir solid er kommunen.

STYRINGSINDIKATORAR OG MÅLTAL

Herøy kommune har ikkje eigedomsskatt, driftsinntekter per innbyggjar er låge i høve til mange andre kommunar. Difor må kommunen drifte effektivt. I Kommunekompasset

skora kommunen 4. best av dei undersøkte kommunane i 2020. Under tema styring og kontroll fekk kommunen 67 av 100 poeng. Det er bra, men vi har eit forbettringspotensiale. I samband med budsjett-handsaminga i desember

2019 vedtok Herøy kommune følgjande styringsindikatorar: 1,75 % netto driftsresultat skal vere av drifstinntektene innan utgangen av 2023 Disposisjonsfond skal utgjere 10 % av driftsinntektene innan utgangen av 2023.

NETTO DRIFTSRESULTAT

Sum i 1.000 kr	2020	2019	2018	2017	2016
Netto driftsresultat	3 750	-10 998	674	-9 533	-41 793
Brutto driftsinntekter i alt	-730 465	-713 242	-694 079	-664 603	-693 945
I % av driftsinntektene	-0,51 %	1,54 %	-0,10 %	1,37 %	6,02 %
Måltal (1,75%)	-12 783	-12 482	-12 146	-11 630	-12 144
Avvik målt mot måltal	-16 580	-1 484	-12 820	-2 097	29 649

Tabellen syner at kommunen har klart målsetjinga om eit netto driftsresultat på 1,75 % berre ein gong dei siste fire åra. Det var i 2016. Dei fire siste åra har vi mangla totalt 33,0 mill. kr på å nå målsetjinga. Det vil seie at Herøy kommune sine driftskostnader er mykje høgare enn dei burde vere sett, i høve til driftsinntektene.

DISPOSISJONSFOND

Sum i 1.000 kr	2020	2019	2018	2017	2016
Disposisjonsfond	51 429	58 995	50 066	49 702	40 357
Brutto driftsinntekter i alt	-730 465	-713 242	-694 079	-664 603	-693 945
I % av driftsinntektene	7,04 %	8,27 %	7,21 %	7,48 %	5,82 %
Måltal (10 %)	73 046	71 324	69 408	66 460	69 395
Avvik mot måltal	-19 617	-13 032	-19 342	-16 758	-29 038

Det kan sjå ut til at Herøy kommune har ei for positiv målsetjing om storleiken på disposisjonsfonda sett i høve til driftsinntektene. Vi ligg langt bak målsetjinga i alle dei fem siste åra. Om vi klarar målsetjinga innan utgangen av 2023 er også tvilsamt basert på erfaringane frå den siste 5-årsperioden.

RENTE- OG

REFINANSIERINGSRISIKO

Herøy kommune si brutto lånegjeld utgjorde om lag 988,7 mill. kr ved årsskiftet. Dette er ein auke på 137,1 mill. kr frå 2019. Sjølv om låne- gjelda vår er høg, må ein vere klar over at ein stor del av den renteutsette delen av gjelda vår er rentesikra. Dersom ein

trekkjer frå unytta lånemidlar (87,4 mill. kr) og vidareutlån (75,5 mill. kr) utgjør netto lånegjeld 825,8 mill. kr. Når ein justerer for lån knytt til sjølvkostområdet (88,0 mill. kr) og berekningsgrunnlaget for rentekompensasjonsordninga (44,7 mill. kr) er den renteeeksponerte gjelda på 693,1

mill. kr. Om ein også trekkjer frå renteberande likviditet frå aktiv forvaltning (91,9 mill. kr) utgjør netto rente- utsett gjeld 601,2 mill. kr. Då står det att om lag 305,0 mill. sikra gjennom fastrentelån. Netto finanskostnader vil difor auke med nær 3,1 mill. kr ved ein renteauke på 1,0 %.


Vekta gjennomsnittrente, marknadsrenter og rentebindingstid går fram av tabellane under. Porteføljen og marknadsrenter per 31.12.2020

Vekta gjennomsnitt- rente	P.T. Kommunal- banken	Norges Bank (Styringsrente)	3. mnd NIBOR	6. mnd NIBOR	3. års SWAP	5 års SWAP
1,42%	0,90%	0,00%	0,55%	0,52%	0,94%	1,32%

Intervall	Pålydande i NOK	Rentebindingstid	Del	Akkumulert del
Under 1 år	445.000.000	0,58 år	44,99%	
1-2 år	301.846.292	1,46 år	30,52%	75,51%
2-3 år	0	0 år	0,00%	75,51%
3-5 år	168.394.440	3,86 år	17,03%	92,54%
Over 5 år	73.794.543	12,65 år	7,46%	100,00%
SUM	989.036.275	2,31 år	100,00%	

LIKVIDITET

Likviditetssituasjonen har vore tilfredsstillane i heile 2020. Vi har hatt ein trekkrett i Danske Bank AS på 100,0 mill. kr, men denne var ikkje i bruk i 2020. Kommunen har ved årsskiftet meir enn 87,0 mill. kr i unytta lånemidlar og i tillegg brukbart med midlar på fond. Av figuren ser ein at likviditeten har vore betre i 2020 enn føregåande år og at skilnadane har til dels vore store.



Investeringsrekneskapen

Herøy kommune investerte for nær 150,9 mill. kr i varige driftsmidler i 2020.

§ 5-5. Bevillingsoversikt – investering

Rekneskap

Tal i 1000 kroner	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2020	Justeringar 2020	Opphavelag budsjett 2020	Rekneskap 2019
Investeringsutgift					
Investeringar i varige driftsmiddel	150 872	273 069	191 609	81 460	76 267
Tilskot til andre sine investeringar	5 734	0	0	0	3 105
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	1 820	75	75	0	1 771
Utlån av eigne middel	1 450	0	0	0	24 852
Avdrag på lån	0	0	0	0	3 471
Sum investeringsutgift	159 876	273 144	191 684	81 460	109 465
Investeringsinntekt					
Kompensasjon for meirverdiavgift	-23 046	-40 812	-40 812	0	-12 633
Tilskot frå andre	-7 832	0	0	0	-2 001
Sal av varige driftsmiddel	1 418	1 589	1 589	0	-9 284
Sal av finansielle anleggsmiddel	-201	0	0	0	-470
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne middel	-8 740	0	0	0	-8 901
Bruk av lån	-118 594	-238 296	-156 836	-81 460	-78 014
Sum investeringsinntekt	-156 995	-277 519	-196 059	-81 460	-111 304
Vidareutlån					
Vidareutlån	320	0	0	0	0
Bruk av lån til vidareutlån	-320	0	0	0	0
Avdrag på lån til vidareutlån	3 967	0	0	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	-7 321	0	0	0	0
Netto utgift vidareutlån	-3 355	0	0	0	0
Overføring frå drift og netto avsettingar					
Overføring frå drift	-930	0	0	0	0
Netto avsetn til /bruk av bundne investeringsfond	1 479	0	0	0	-2 567
Netto avsetn til / bruk av ubundne investeringsfond	-75	4 375	4 375	0	4 405
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	474	4 375	4 375	0	1 839
Framført inndecking i seinare år (udekt beløp)	0	0	0	0	470
Kontrollsum art 980 Rekneskapsm. meirforbruk	0	0	0	0	0
Overføring til fordeling (§ 5-5, andre ledd)					
Inntekter til fordeling	-0	-	-	-	0
Utgifter til fordeling	159 876	-	191 684	81 460	105 988
Sum til fordeling (netto)	159 876	-	191 684	81 460	105 988

Kommentarar til investeringsrekneskapen

Herøy kommune investerte for nær 150,9 mill. kr i varige driftsmidlar i 2020.

DEI STØRSTE PROSJEKTA I 2020 VAR:

- Ny hovudbrannstasjon 39,6 mill. kr (skal ferdigstillast i april 2021)
- Tilbygg Herøy rådhus 33,2 mill. kr (skal ferdigstillast i august 2021)
- Fleirbrukshall Einedalen skule 13,2 mill. kr. Ferdigstilt i 2020
- Veg, bru og avløpsprosjekt Nørvåg-Vågsholmen 7,7 mill. kr (her er fleire prosjekt som skal vere ferdigstilt sommaren 2021)

- Byggefelt i Arhaug og avløpsanlegg Bø-Arhaug 6,8 mill. kr (sum av 2 prosjekt)
- Kjøp av 2 leiligheiter Vågsholmen 6,1 mill. kr

Det var stor aktivitet på dette området i 2020 og det er ført kostnader på meir enn 45 store og små anleggsprosjekt.

Ein kan også nemne at kommunen fekk tilbakebetalt om lag 8,7 mill. kr i ulike forskotteringar og at vi forskotterte 3,0 mill. kr.

Det meste av dette gjeld idrettsanlegg.



Som følge av store investeringar i 2020 auka balanseverdien på faste eigedomar og anlegg med om lag 117,0 mill. kr og den langsiktige lånegjelda auka med om lag 136,6 mill kr.

Unytta lånamidlar var ved årsskiftet høgt og utgjorde 91,1 mill. kr. Dette skuldast bl.a. at kommunen lånte til store prosjekt som først blir ferdigstilt i 2021, og premieavviket på pensjon auka med vel 4,8 mill. kr til totalt 40,1 (netto) mill. kr. Dette skal utgiftsførast over drifta i komande 7-årsperiode.

Totale fond (drifts- og investeringsfond, bundne og ubundne fond) utgjorde per 31.12.20 nær 106,3 mill. kr, ein reduksjon på om lag 0,5 mill. kr i høve 31.12.2019. Då har ein ikkje teke omsyn til mindreforbruket kommunen hadde i 2019 på vel 8,1 mill. kr. Ein ser av oversikta at dei bundne driftsfonda har blitt mykje redusert i 2020 og at dei bundne investeringsfonda har auka om lag tilsvarande. Det skuldast at RDA- fonda no har blitt omklassifisert til investeringsfond.



BALANSE

Som følge av store investeringar i 2020 auka balanseverdien på faste eigedomar og anlegg med om lag 117,0 mill. kr og den langsiktige lånegjelda auka med om lag 136,6 mill. kr.

§ 5-8. Balanserekneskapen		Rekneskap	Rekneskap
Tal i 1000 kroner		2020	2019
EIGEDELAR			
Anleggsmiddel			
Varige drifts- middel	Faste eigedomar og anlegg	1 055 017	940 141
	Utstyr, maskinar og transportmiddel	29 364	31 558
Finansielle anleggs- middel	Aksjar og eigardelar (anleggsmiddel)	94 784	92 963
	Utlån	66 279	79 814
	Pensjonsmiddel	867 636	806 207
Sum anleggsmiddel		2 113 079	1 950 683
Omløpsmiddel			
Finansielle omløpsmid- del	Bankinnskott og kontantar	165 566	98 257
	Aksjar og eigardelar (omløpsmiddel)	84 077	88 532
Kortsiktige fordringar	Kundefordringar	9 932	13 554
	Andre kortsiktige fordringar	23 003	21 802
	Premieavvik (kortsiktige fordringar)	41 879	37 557
	Sum omløpsmiddel	324 457	259 702
Sum eigedelar		2 437 536	2 210 385

EIGENKAPITAL OG GJELD

Unytta lånemidlar var ved årsskiftet høgt og utgjorde 90,1 mill. kr. Dette skuldast bl.a. at kommunen lånte til store prosjekt som først blir ferdigstilt i 2021, og premieavviket på pensjon auka med vel 4,8 mill. kr til totalt 40,1 (netto) mill. kr. Dette skal utgiftsførast over drifta i komande 7-årsperiode.

EIGENKAPITAL OG GJELD		Rekneskap	Rekneskap
Eigenkapital		2020	2019
Eigenkapital drift	Disposisjonsfond	-51 429	-50 824
	Bundne driftsfond	-21 552	-41 261
Annan eigenkapital	Eigenkapital investering		
	Ubundne investeringsfond	-9780	-11 600
	Bundne investeringsfond	-25 226	-3 037
	Kapitalkonto	-321 346	-203 072
Prinsippendringar arbeidskapitalen drift		-8 454	-8 454
Sum eigenkapital		-437 787	-318 249
Langsiktig gjeld			
Lån	Gjeld til kredittinstitusjonar	-737 667	-852 124
	Obligasjonslån	-141 000	0
	Sertifikatlån	-110 000	0
	Pensjonsforplikting	-892 187	-929 201
	Sum langsiktig gjeld	-1 880 854	-1 781 324
Kortsiktig gjeld			
	Leverandørgjeld	-39 856	-22 502
	Derivat (kortsiktig gjeld)	-19 709	-20 364
	Annan kortsiktig gjeld	-57 564	-57 533
	Premieavvik (kortsiktig gjeld)	-1 766	-2 242
	Sum kortsiktig gjeld	-118 895	-102 641
Sum eigenkapital og gjeld		-2 437 536	-2 202 214

Risikoar for den økonomiske utviklinga

Økonomien i kommunen er stram, og med det ein kjenner til per i dag, vil det halde fram.

Kommunestyret har vedteke stramm mål om økonomiske nøkkeltal og for å kunne nå desse, må ein vere bevisst på dei vala ein tek framover.

Kommunen har gitt store lånegarantiar. Total har dei ein restsum pr 31.12.20 på om lag 163,5 mill. kr. Av dette har kommunen garantert for om lag 69,5 mill. kr til lag og

organisasjonar (det meste til private vassverk), 12,93 mill. kr til private barnehagar, 41,54 mill. kr til aksjeselskap der kommunen er majoritetseigarar og 39,58 mill. kr til kommunale selskap (KF m.fl.). Det er klart at dette garantiansvaret representerer ein stor økonomisk risiko.

Det akkumulerte premieavviket pensjon (inkludert arbeidsgjevaravgift) aukar framleis og utgjør ved årsskiftet vel 40,1 mill. kr. Det er


kostnadar som over tid må utgiftsførast i kommunerekneskapen og det utgjør såleis ein stor økonomisk risikofaktor.

Når det gjeld lånegjelda er noko av denne sikra med fastrenter. Likevel er størstedelen av gjelda av kortsiktig karakter og vi har difor både ein refinansieringsrisiko og ein renterisiko. Sistnemnde vil utgjere ein årleg meirkostnad på vel 6,5 mill. kr om rentenivået aukar med 1 % per i år.



Utviklingstrekk og analysar

Befolkningsveksten i Herøy har stagnert og kommunen har hatt ein svak nedgang i tal på innbyggjarar dei siste 5 åra. Utviklinga i demografien syner jamn nedgang i folketalet: med særleg færre barn og unge, men fleire eldre. I SSB sitt hovudalternativ for folketalsframskriddingar til 2030 ser vi ein ytterlegare ei ytterlegare forsterking av denne utvikling.



FOLKETALSUTVIKLING PÅ KRINSNIVÅ

Kartet, som er henta frå fylkesstatistikken 2020, viser kva krinsar som har folketalsvekst og -nedgang dei siste 5 åra.

Prosentvis har Øvre Fosnavåg og Sævik har størst nedgang, medan Leine, Straumane og Nørvåg har hatt størst vekst.

Når det gjeld barn og unge (0-15 år) er der ein størst konsentrasjon på Eggesbø, Leine, Kvalsund, Frøystad og Elsebø. Færrast born er det på Gjertnes, Runde, Sævik og Fosnavåg sentrum. Ei komplett oversikt på krinsnivå finn ein i fylkesstatistikken. (mrfylket.no)



KOMMUNEBAROMETERET

Herøy 2016 – 2018 – 2020

Kommunebarometeret brukar fire typar tal for å målsette kommunane sine prestasjonar innanfor dei ulike sektorane:

- Nøkkeltal frå statistikk.
- Karakter er prestasjon sett opp mot andre kommunar.
- Poengsum basert på karakterane for nøkkeltala.
- Rangering er kva plass på liste, etter poengsum.

Tabellen til høgre syner utviklinga dei siste 4 åra.

	2017	2018	2019	2020
Nøkkeltal aleine	208	249	146	251
Totalt	148	121	70	201
Grunnskule	196	133	145	150
Pleie og omsorg	294	303	253	302
Barnevern	207	123	191	284
Barnehage	213	326	127	203
Helse	301	375	231	356
Sosial	81	108	127	55
Kultur	274	244	273	261
Miljø og ressursar	175	164	142	106
Sakshandsaming		103	131	343
Vatn og avløp	133	104	208	393
Økonomi	250	342	323	299
Kostnadsnivå	61	86	85	97

KOMMUNEKOMPASSET

Herøy 2016 – 2018 – 2020


I 2020 var det tredje gongen Herøy kommune gjennomførte evalueringa av "Kommunekompasset", eit analyseverktøy frå KS som seier noko om korleis organisasjonen arbeider.

Resultatet i 2020 er 156 poeng høgare enn 2016. Det er veldig bra og er meir enn snittet for progresjon i kommunar som arbeidar systematisk med kommuneutvikling. Der er likevel ein del å hente med at ein i større grad arbeider som ein organisasjon med felles rutinar, system og prosedyrar på fleire område generelt og på tvers av sektorane spesielt.

Frå 2016 til 2018 greide ein å bygge opp tilliten internt i kommuneorganisasjonen, men ikkje internt i det politiske miljøet og mellom politikk og administrasjon. Her har det skjedd lite endringar til 2020, og samhandlinga er framleis prega av denne manglande tilliten.

Dette er ei stor utfordring som ein må kome over før ein kan rekne med å kome vidare i utviklingsarbeid.

Kommunen har eit godt grunnlag for å arbeide vidare med utvikling, organisasjonen har kompetente medarbeidarar, leiarar og politikarar.







Stab

Kommunedirektør

Sektor stab har i 2020, som resten av den kommunale verksemda, vore sterkt prega av pandemi- og beredskapsarbeid. Det har vore ei omstilling og utfordring både knytt til publikumsmottak og avvikling av politiske møte for å sikre gode, demokratiske prosessar. Samstundes har vi vist at vi er tilpassingsdyktige og løysingsorienterte når det står på. Vi har fått ny lærdom i gjennomføring av digitale møte og det har fungert godt, sjølv om vi set pris på å få møtast fysisk igjen.

Det har blitt gjort store investeringar knytt til IKT, og vi held stø kurs i digitaliseringsarbeidet. Det har også vorte gjort eit målretta og aktivt kommunikasjonsarbeid både eksternt og internt i året som har gått, mykje knytt til pandemi, men også i å synleggjere det heilskaplege tenestetilbodet vårt. Vi ser fram til å lande byggeprosjekt som ny brannstasjon og prosjektet Rådhusgata 7 i 2021.

Overordna mål:

Vi skal jobbe for å vere ein moderne og lærande organisasjon som fremjar utvikling.

Vi skal kontinuerleg forbetre og vidareutvikle tenestene.

Sikre gjennomføring av politiske vedtak.

Sikre etterleving av lover og forskrifter.



Dokumentsenter og politisk sekretariat

Leiar: Frode Hammerseth

DRIFT

Dokumentsenter og politisk sekretariat rapporterer for hovudområda demokrati og dokumentasjon. I tillegg har avdelinga stort ansvar innan systemhandtering, utvikling/ brukarstøtte og operativ digitalisering av tenester i kommune.

DEMOKRATI

Herøy kommune har relativt høg politisk møteaktivitet, både når det kjem til tal på utval, møter og saker.

I tillegg til kommunestyret har vi 16 folkevalde organ med 90 faste- og 144 varamedlemer (fordelt på omlag 180 folkevalde). Samt omlag 40 andre organ med politisk representasjon. Det vart i haust satt saman ei politisk arbeidsgruppe for å sjå på politisk organisering.

For 2020 var møteaktiviteten slik:

Tal på hovudutval	4
Tal på kommunestyremøte	12
Tal på formannskapsmøte	19
Samla tal på møter i hovudutval	37
Tal på saker i kommunestyret	181
Tal på saker i formannskapet	218
Samla tal på saker i hovudutval	285

Det har vore utarbeida nytt politisk reglement som vart vedteke i kommunestyret 26.11.20.

DOKUMENTASJON

Herøy kommune har stor aktivitet når det kjem til arkivering og journalføring. I sak- og arkivsystemet vart det i 2020 journalført inngåande 8032 brev, 4434 utgåande brev og 1619 interne notat. Det er i 2020 utarbeida ei ny bevaring og kassasjonsplan, i tillegg har avdelinga arbeida mykje med å oppdatere ny arkivplan. Vi har også sendt store papirleveringar til IKA MR i Møre og Romsdal og ligg godt ann samanlikna med andre kommunar i fylket på dette området. Det er eit stort ansvar å bevare og vedlikehalde eit arkiv.

Hausten 2020 gjekk Herøy kommune inn i IKA MR si ordning om bevaring av privatarkiv, dette er eit svært viktig arbeid for å ta vare Herøy kommune si historie. Vi har hatt fokus på innføring av digital sikker dialog via eDialog og Svar Ut. Dette gir saumlaus sikker og dokumentert digital kommunikasjon mellom brukar og tenesteytar.

ØKONOMI

Avdelinga hadde eit meirforbruk på om lag 100 000 kr.

SJUKEFRÅVÆR

Svært lågt. Sjukefråværet kjem frå noko korttidsfråvær.

MÅL OG VERDIAR:

Vi byggjer tillit gjennom meiroffentlegheit og ivaretek sensitiv informasjon med respekt.

Vi samhandlar på tvers av alle avdelingar som støttefunksjon og gir fagleg rettleiing og råd.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	3,4	3,4	2,9
Budsjett	3,9	4,1	2,8
Avvik	0,5	0,7	-0,1
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	2,84	3,61	1,59
Årsverk			2,4
Tilsette			3



Servicetorg

Leiar: Wenche Moltu

DRIFT

Servicetorget fekk i 2020 ansvar for bustønad. Tenesta vart tatt over frå Nav Herøy. Det vart også bestemt at samarbeidet med Vanylven kommune om felles sentralbord skulle seiast opp. Dette vart gjort, men overtaking skjedde i april 2021.

Servicetorget har vore sterkt delaktig i arbeidet knytt til koronasituasjonen og den beredskapen ein har hatt til handtering av informasjon og kommunikasjon til og med innbyggjarane.

Ein har elles hatt eit stort løft på nettsidene til skulane og barnehagane. Alle kommunale skular og barnehagar i Herøy kommune har no fått sine egne nettsider der dei kan publisere smått og stort, og ein har parallelt med det, drive opplæringsarbeid.

Kommunikasjonsprisen vart for 2020 delt ut til kommuneoverlege Bjørn Martin Aasen. Les meir i slutten av rapporten.

Ny alkoholpolitisk plan vart vedteken og alle sal- og skjenkeløyva har vorte lagt fram for politisk handsaming.

ØKONOMI

Avdelinga har hatt eit mindreforbruk på om lag 600 000 kr.

SJUKEFRÅVÆR

Forholdsvis høgt fråver, men dette kjem frå langtidsfråvær fordelt på svært få personar, som likevel gir store utslag i ei avdeling med låg samla stillingsbrøk.

MÅL OG VERDIAR:

Vi skal halde det vi lovar, og vere ærlege på det vi kan gjennomføre og det vi ikkje kan gjennomføre.

Vi skal behandle alle likt og med respekt.

Vi skal lytte til det som blir sagt.

Vi samarbeider med avdelingane om løysingar.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	2,9	3,0	2,8
Budsjett	3,2	3,2	3,4
Avvik	0,3	0,2	0,6
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	4,37	8,99	11,84
Årsverk			4,5
Tilsette			5



Eigedom

Leiar: Robert Myklebust

DRIFT

2020 var eit krevjande år for eigedomsavdelinga. Stort sjukefråvær kombinert med koronautbrot og heimekontor gav meirarbeid generelt, og spesielt for seksjon reinhald. Samstundes har avdelinga gjennomført mange av dei byggeprosjekta som var tiltenkt, og utført andre oppgaver som kom til i løpet av året.

Eigedomsavdelinga har ansvaret for drift og vidareutvikling av kommunen si bygningsmasse. Driftsansvaret vert utført av seksjon reinhald og seksjon byggdrift. Reinhold har i 2020 vore ein viktig bidragsytar til det førebyggjande smittevernarbeidet knytt til covid-19. Byggdrift på si side har i 2020 nærast skifta ut heile arbeidstokken, noko som i seg sjølv kan vere krevjande, men som i hovudsak har tilført vår avdeling kompetanse, erfaring og arbeidsglød.

Den nye hovudbrannstasjonen og driftsbasen vart starta våren 2020 med planlagt ferdigstilling i 2021. Einehallen vart ferdigstilt til sommarferien og overlevert til bruk for både Einedalen skule og andre brukarar. Sommarferien vart nytta til å oppgradere tak og vindauge ved Stokksund skule samstundes

som modulbygg vart etablert ved Bergsøy skule Borga og Nerlandsøy skule.

I august starta byggearbeidet for Rådhusgata 7 der mellom anna Herøy og Sande lensmannskontor etter planen skal flytte inn hausten 2021. Hausten 2020 gav korona-tiltaks pakken oss moglegheit til å etablere solskjerming ved Einedalen skule og Herøy omsorgssenter, samstundes som det her vart opparbeida ny parkeringsplass for dei tilsette.

Same haust fekk vi endeleg på plass avtale med entreprenør om oppgradering av fasadar og vindauge ved både Bergslia barnehage og Myrsnipa barnehage. Arbeidet vart starta opp, men ikkje ferdigstilt dette året.

Hausten 2020 vart fagansvaret for startlån og tilskot til etablering og tilpassing flytta over til økonomiavdelinga. Dette har gitt avdelinga vår handlingsrom til å styrke arbeidet knytt til bustadforvaltninga av 155 leilegheiter.

Eigedomsavdelinga overtok i den samanheng 3 leilegheiter på Vågsholmen i 2020 som igjen skal seljast på marknaden ved høve.

MÅL OG VERDIAR:

Kjerneverdiane respekt, tillit, samhandling er noko vi ønskjer å jobbe etter på alle nivå i avdelinga.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	21,9	20,0	23,0
Budsjett	19,1	19,0	22,5
Avvik	-2,8	-1,0	-0,5
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	11,62	10,67	13,92
Årsverk			33,1
Tilsette			44

ØKONOMI

Meirforbruket er mindre i 2020 enn både 2019 og 2018, men det vert arbeidd vidare i 2021 med tiltak for å redusere risikoen for meirforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet var større i 2020 enn tidlegare år og prega av langtidsfråvær i leiande stillingar.





Personal og organisasjon

Leiar: Ann Kristin Eiken

DRIFT

Avdelinga sitt ansvar er i stor grad knytt til å bygge opp under drifta og gi leiarane støtte innan løns- og personalområdet. Ein viktig del av arbeidet er å lage rutinar og standardar som skal skape betre flyt og samhandling mellom leiarar og medarbeidarar, og mellom leiarane og vår avdeling.

Rettleiing og bistand når det gjeld rekruttering har endra seg etter at Webcruiter vart innført i 2019, og mange leiarar har teke denne i bruk gjennom 2020.

Vi, saman med leiarane har jobba for å få eit likt uttrykk når vi skal rekruttere nye tilsette. Vurdering og analyse knytt til tilsetting har fått større plass i rekrutteringsprosessen.

Det er mange søkjarar til dei fleste stillingane vi lyser ut, men det er framleis utfordrande å rekruttere nøkkelpersonell til helse, som til dømes legar.

Fleire av dei planlagde aktivitetane vart dessverre ikkje gjennomført i 2020 grunna covid-19, og vi seier oss lei for at dei som skulle ha informasjon og samtalar med KLP og SPK

ikkje fekk dei tenestene som var forventa. Planlagde kurs med leiarane med tema innan HR vart heller ikkje gjennomført, men vi lovar at HR skal bli sett på agendaen framover.

Avdelinga rekrutterte ny lønsansvarleg hausten 2020, og fekk god opplæring før «den gamle» gjekk over til å verte pensjonist.

ØKONOMI

Avdelinga har i utgangspunktet stram økonomi, og difor prøver ein å tilpasse dei rammene som ligg føre.

SJUKEFRÅVÆR

Avdelinga har eit stabilt nærvær.

MÅL OG VERDIAR:

Halde oss orientert og oppdatert om lover og regelverk, forvalte og formidle dette ut i organisasjonen.

Sikre god samhandling med tillitsvalde og verneteneste.

Medverke og sikre gode rutinar i førebygging og oppfølging av sjukefråvær, IA og HMS arbeid slik at organisasjonen når måla.

Initiere, koordinere og leie oppgåver og prosessar som sorter under avdelinga sitt ansvar.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	6,2	6,3	7,4
Budsjett	7,4	7,3	8,0
Avvik	1,2	1,0	0,6
Sjukefråvær i prosent			
Personalavd	1,21	0,39	0,56
HTV og HVO	7,95	6,71	10,73
Lærlingar	2,20	4,50	1,62
Årsverk			11,8
Tilsette			21



Økonomi

Leiar: Geir Egil Olsen

DRIFT

Økonomiavdelinga i Herøy har ansvaret for å føre Herøy kommune sin rekneskap etter gjeldande lover og reglar. I tillegg er avdelinga ansvarleg for seks andre rekneskap. Andre viktige oppgåver er budsjett, budsjettkontrollar og finans.

Avdelinga er sakshandsamer for mange av desse avdelingane.

Avdelinga skal også gi støtte til andre i organisasjonen når det gjeld økonomi og ein har også fått eit ansvar for AltInn og tilgangar der.

Økonomiavdelinga har fokus på automatisering av arbeidsprossar og på det arbeidet som vert gjort. Eit døme her kan vere tal på elektroniske fakturaer som har auka frå 35 % i 2015 til 83 % i 2020.

Vi fokuserer også på å prekontere leverandørfakturaer for på den måten auke kvaliteten på konteringa og redusere arbeidsmengda hjå våre konterarar og tilvisarar av fakturaer.

Det faglege nivået i avdeling er god og gjennom nettkurs og opplæringa fokuserer vi på dette også gjennom ei krevjande covid-19-periode. Nokre av aktivitetane som var planlagd gjennomført i 2019 fekk vi ikkje på plass. Dette gjeld blant anna ny bankavtale, nytt finansreglement og nytt økonomireglement. Dette vil få prioritet i 2021.

ØKONOMI

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på grunn av at ein ikkje har henta inn vikarar ved fråvær.

SJUKEFRÅVÆR

Fråværet i avdelinga har vore for høgt dei seinare åra og skuldast mange ulike faktorar, men desse er ikkje relatert til arbeidsmiljøet i avdelinga.

MÅL OG VERDIAR:

Held oss oppdaterte på ny teknologi, fagsystem og regelverk.

Er serviceinnstilte og imøtekomande mot kundar, tilsette og andre brukarar.

God kontroll på økonomi i eiga avdeling med hyppige interne budsjettendringar.

Rapportering gjennom samarbeid med leiarane i organisasjonen.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	4,8	4,9	4,4
Budsjett	5,7	5,4	5,2
Avvik	0,9	0,5	0,8
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	8,3	3,55	9,89
Årsverk			6,2
Tilsette			7





Helse og omsorg

Kommunalsjef: Renathe Rossi-Kaldhol

2020 har vore eit annleis år for helse og omsorg. Vi har hatt fokus på å handtere ein pandemi, samstundes som vi har arbeidd for å oppretthalde normal drift av våre tenester til det beste for innbyggjarane. Det er lagt ned ein stor innsats og utvist stor grad av fleksibilitet av våre dyktige tilsette for å få dette til. I tillegg er det grunn til å takke innbyggjarar og frivillige for samarbeidet. Vi har jobba målretta med utvikling av våre tenester gjennom planarbeid, digitalisering og informasjonsarbeid i året som har gått.

Overordna mål:

Utvikle tenestene i lag med pasientar, brukarar og deira pårørande. Vi vil at du som innbyggjar skal få større påverknad på eigen kvardag.

Gjere det lett for deg å vere aktiv i kvardagen.

Bli eit demensvenleg samfunn.

Førebyggje meir gjennom tidleg innsats.

Vere nytenkande i vidareutvikling av forsvarlege tenestetilbod og fagleg kvalitet i tenesta.

Ha ein sektor som legg til rette for aktiv deltaking frå deg som innbyggjar, og gje heilskapelege tenester av god, fagleg kvalitet.



Tenestekoordinering

Leiar: Gro-Anette F. Voldsund

Avdeling for tenestekoordinering er staben til kommunalsjefen i helse og omsorg. Tenestekoordinering har som formål å bidra til heilskapleg sakshandsaming for heile sektoren, i tillegg til spesifikke støttefunksjonar og teknisk drift. I samarbeid med dei andre avdelingane skal tenestekoordinering syte for at dei som oppheld seg i kommunen får koordinerte tenester i samsvar med dei pliktar og rettar som lovverket gir.

DRIFT

I 2020 rulla vi ut fleire nye digitale og teknologiske løysingar:

- Digital innbyggardialog vart innført for dei fleste tenester i helse og omsorg
- Smartdører i omsorgssenter vart testa ut med gode tilbakemeldingar
- Pasientvarslingsanlegg ved Myrvåg omsorgssenter og tryggleiksalarmar vart fulldigitalisert
- Digitale samhandlingsavvik med sjukehusa vart innført
- KURA samhandlingsverktøy vart innført for å samhandle betre i høve barn med store omsorgsbehov

I lys av ny språklov vart det saman med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RFF) og dei andre kommunane i Sjustjerna arbeid

med forenkling av malar for sakshandsaming.

I samband med pandemien var trykket i starten størst på teknisk drift, med tilrettelegging og ombygging. Seinare kom også konsulentane med i smittesporingseininga.

Bustadmøtet hadde stort fokus på førebyggjande brannvern i 2020. Det gjaldt både klassifisering av kommunale bustadar, ROS-analysar, rutinar og sjekklister for brannvernsamarbeid.

ØKONOMI

Rekneskapen syner eit mindreforbruk på løn, i hovudsak fordi det er utfordrande å hente inn kvalifisert vikar ved fråvær. Salsinntektene var også høgare enn budsjettert i 2020.

SJUKEFRÅVÆR

Avdelinga har generelt lågt sjukefråvær, både langtids- og korttidsfråvær.

MÅL OG VERDIAR:

Avdelinga er opptatt av kjerneverdiane ved å vere tilgjengelege og imøtekomande, både for publikum og andre tilsette i organisasjonen.

Vi har fokus på å halde avtaler, vere oppdatert på ny teknologi og å nytte klart og godt språk i sakshandsaming.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	7,6	7,9	8,0
Budsjett	8,6	8,6	8,8
Avvik	1,0	0,7	0,8
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	11,06	5,01	5,81
Årsverk			8,3
Tilsette			9



Pleie og omsorg

Leiar: Siv Jensen

Avdelinga gir helse og omsorgstenester både i sjukeheim, omsorgsbustad og privat heim til personar som treng medisinskfagleg hjelp av ulike fysiske og psykiske årsaker. Avdelinga har ansvar for langtidsopphald, korttidsopphald og avlastingsopphald i institusjon, heimesjukepleie, praktisk bistand heimehjelp, praktisk bistand opplæring, dagaktivitetsopphald i institusjon, dagopphald i dagsenter, støttekontakt.

DRIFT

Pandemien har påverka tenestene våre i 2020, med endringar for både pasientar, pårørende og tilsette.

Nokre tenester har blitt gjennomført digitalt, det har vore reduksjon i dagaktivitetstilbod i periodar og vi har hatt besøkestriksjonar i sjukeheimar. For å ivareta smittevern har vi samarbeidd med frivillige om besøksvertordninga på sjukeheimar og heildøgnsbemanna omsorgsbustad. Vi har starta opp gruppetilbod med trening i sjukeheimane. Det er brukt ekstra ressursar i samband med pandemien.

Det er starta opp rehabilitering av Herøy omsorgssenter, med arbeid på postkjøkken, arbeidsstove og eit pilotrom

ved seksjon raud. Avdelinga er og involvert i planlegginga av nytt ressurscenter.

Pleie og omsorg har under pandemien hatt ansvar for innkjøp, lagring, fordeling og rapportering av smittevern-utstyr. Avdelinga har eige testteam som gjennomfører koronatestar i sjukeheimane.

Det er tatt i bruk ny velferdsteknologi i sjukeheimane, smartdører ved Herøy omsorgssenter, seksjon blå, fulldigitalisering av pasientvarslingsanlegg ved Myrvåg omsorgssenter og tryggleikslarmar i heimetenestene.

Avdelinga tek i mot studenter frå NTNU Ålesund, elevar frå Herøy vgs, lærlingar og personar som har samarbeid med NAV for å tilrettelegge for deltaking i arbeidslivet.

ØKONOMI

Avdelinga har ikkje greidd å innfri rammekuttet på 4 330 000 kr. I tillegg har vi auka utgifter i samband med ressurskrevande tenester til enkeltbrukarar, både i heimetenestene og i sjukeheimar.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er relativt stabilt og i overkant av snittet.

MÅL OG VERDIAR:

Avdelinga set fokus på kjerneverdiane på fagdagar, i medarbeidarsamtalar og framsnakk dei i kvardagen.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	111,3	119,7	124,3
Budsjett	108,3	112,0	116,3
Avvik	-3,0	-7,7	-8,0
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	9,02	8,91	9,16
Årsverk			145,5
Tilsette			223

HEILTIDSKULTUR

Arbeidet med heiltidskultur førte til utviding i bemanningsteam indre og oppstart bemanningsteam ytre i mars. Vi har sett fokus på kompetanse gjennom medverknad i arbeidet med strategisk kompetanseplan.



Barn, familie og helse

Leiar: Runa Bakke

Avdelinga har ansvar for

- barnevern,
- psykisk helse og rus,
- helsestasjon,
- fysioterapi,
- ergoterapi,
- kvardagsrehabilitering,
- Nav sosial,
- legetenester og
- psykososialt kriseteam.

DRIFT

2020 vart prega av korona-pandemi der mange av tenestene i avdelinga fekk viktige oppgåver. Tenestene hadde redusert drift fram mot sommaren, men var i tilnærma normal drift frå sommaren. Avdelinga har også hatt eit utstrakt samarbeid med kommunikasjonsrådgivar med omsyn til informasjonstiltak.

Det vart tatt i bruk digitale løysingar i stort omfang, særleg videokonsultasjonar og videomøte, men også sjølvbeteningsløysingar for pasientane og digital innbyggardialog.

Helsesjukepleiarane deltok i opplæring om smittevern til mellom anna skular og barnehagar og handterte koronaspørjetenesta som vart etablert.

Influensavaksinering vart planlagt på ein slik måte at

organiseringa også skulle kunne nyttast ved covid-19-vaksinering i 2021.

Privatpraktiserande fysioterapeutar opplevde heilt nedstenging i fem veker, men nytta tida til oppgradering av lokale og utstyr.

Kvardagsrehabilitering har vist god effekt for dei som har nytta tilbodet, med redusert behov for tenester og auka grad av eigenmeistring.

I Nav skjedde det ei svært rask utvikling av digitale løysingar og brukarane tok også desse i bruk i stor grad. Tenesta har hatt stort fokus på å gi rett hjelp i det som har vore ei krevjande tid for mange.

Det var naudsynt å styrke ressursar knytt til smittevern og ein valte å hente inn kommuneoverlegeressurs. Dette har vore avgjerande for den handteringa kommunen har hatt av pandemien.

Teststasjonar er etablert ved kvart av legesentera og planlagt testing skjer her. Smittesporingstesting skjer ved Herøy legesenter. Heldigvis har det vore lite behov for dette. Hausten 2020 fekk vi dørvakter som sikrar godt smittevern, og dermed

kunne dørene på legekontora opnast igjen.

På legevakt vart det tilsette hjelpepersonell i store delar av vaktperioden på kveld/helg som smitteverntiltak. Legevaktsamarbeid vart satt på dagsorden og det vart utarbeidd framlegg til ulike modeller for legevaktsamarbeid for kommunne Herøy/Sande/Ulstein/Hareid, utan at ein lukkast med å kome til semje. Det vart oppretta 100 % stilling for sjukeheimslege. Det har vore tilsett lege i stillinga sidan august.

Barnevern har lagt stor vekt på å følge opp sårbare barn og unge, og har lukkast godt med dette. Det har ikkje vore fristbrot på nye meldingar. Særleg første halvår har pandemien gjort det krevjande å følgje opp fosterheimar og dermed oppfylle tilsynskrav, men ein har tatt i bruk video/telefon der dette er forsvarleg. Det er dermed noko etterslep.

Psykisk helse og rus har greidd å oppretthalde tenestetilbodet i stor grad under heile pandemien. Aldersgrense på 18-67 år vart bestemt oppheva for å sikre meir heilskapleg teneste for brukarane.

Kommunepsykolog for barn og unge slutta 1. september,

og stillinga stod vakant resten av året. Psykososialt kriseteam har hatt ikkje hatt oppdrag utover trugselsaka ved Ytre Herøy ungdomsskule. Smittesporingseining er etablert med tilsette frå barn, familie og helse (BFH) og frå tenestekoordinering. BFH har hovudansvar for organiseringa.

ØKONOMI

Avdelinga har hatt stort overforbruk innan legetenestene grunna tilsetjing av hjelpepersonell på legevakt, utvida økonomiske avtalar med legane og ressursbruk knytt til kommuneoverlegeoppgåver. På grunn av underforbruk i andre seksjonar, vart likevel

det totale overforbruket ikkje så stort som ein kunne frykte.

SJUKEFRÅVÆR


Sjukefråværet har hatt ei god utvikling frå 2019 – 2020 med ein nedgang med nesten to prosentpoeng. Dette skuldast stabilitet på avdelingar som har hatt utfordringar.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	52,8	57,5	64,9
Budsjett	47,7	54,1	64,5
Avvik	-5,1	-3,4	-0,4
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	4,90	8,08	6,30
Årsverk			50
Tilsette			62

MÅL OG VERDIAR:

Avdelinga er opptatt av kjerneverdiane ved å vere tilgjengelege og imøtekomande, både for brukarane og andre, og ved aktiv deltaking i samhandling både på brukarnivå og på systemnivå.

Informasjon intern og eksternt er vektlagt, noko som kan vere med på å skape tillit.





Bu og habilitering

Leiar: Rose-Marie Kvalsund

Avdelinga gir oppfølging og tilrettelegging til menneske med særskilde behov på fleire livsområde, til dømes bustad, aktivitet og sosialt miljø, i tillegg oppfølging av somatisk og psykisk helsetilstand. Tenesta skal også sikre at brukarane får nødvendige helsetenester i heimen, praktisk bistand og støttekontakt m.m. Avdelinga har i tillegg ansvar for avlastning til born i kommunal avlastingsbustad.

DRIFT

Pandemien har påverka tenestene våre i 2020, og det har vore mindre aktivitet og fritidstilbod for brukarane våre. Vi har ikkje stengt ned dagtilbodet vårt, men delt arbeidsdagen i to under ei periode i pandemitida.

På avlastning for barn ser vi ein auke i søknadar for fleire barn som har behov. Det vart også bestemt at ein skal renovere avlastinga i 2021.

Som eit ledd i arbeidet med heiltidskultur har vi prøvd ut langvakter i fleire seksjonar, ein kjem til å fortsette med langvakter enkelte plassar. Framover ønsker vi å sjå på årsturnus.

For å ta i bruk velferdsteknologi har vi behov for utbygging av infrastruktur på dei ulike arbeidsplassane. Vi har starta med KURA, eit samhandlingsverktøy som vart innført for å samhandle betre i høve barn med store omsorgsbehov, mobil pleie, somnofy og memoplanner i 2020.

For å sikre rekruttering til avdelinga tek vi imot elevlar, lærlingar og studentar. Vi har samarbeid med statsforvaltar og spesialisert habilitering som gjeld kap. 9 i helse og omsorgstenestelova. Det er krav om høgskulekompetanse for å utføre arbeidet.

Elles ei gledeleg nyheit på tampen av året er at det er bestemt at vi skal bygge Herøy ressursenter.

ØKONOMI

Avdelinga har hatt overforbruk på grunn av manglande heimlar i desse tenestene: BPA, barn i avlastning og ressurskrevjande teneste til enkeltbrukarar.

SJUKEFRÅVÆR

Bu og habilitering har i 2019/2020 vore med på Ned prosjekt gjennom Nav arbeidslivsenter, for å jobbe med sjukefråvær.

MÅL OG VERDIAR:

Avdelinga er opptatt av kjerneverdiane ved å vere tilgjengelege og imøtekomande, både for brukar, pårørande, andre tilsette i organisasjonen og ulike samarbeidspartnarar.

Kjerneverdiane vert jamleg tatt opp på fagdag og heng oppe i avdelingane.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	39,8	45,3	46,2
Budsjett	39,8	39,6	42,8
Avvik	0,0	-5,7	-3,4
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	12,23	8,71	10,71
Årsverk			58,5
Tilsette			82

Etter kort tid såg vi positiv utvikling og fråværet gjekk nedover.

Vi jobbar med sjukefråvær kontinuerlig, og pandemien har gitt oss nye utfordringar knytt til dette.

#herlegeherøy

Herøy kommune skal vere opne og ærlege i sin kommunikasjon og vise mangfaldet i tenestetilbodet vårt på ein god måte.

Nettsida er vår hovudkanal for ekstern informasjon, men dei sosiale media vi nyttar er verktøya våre for å nå innbyggjarane effektivt. Det fremjar dialog og samhandling.

Du finn oss på:

- Facebook
- Instagram
- Twitter
- Youtube
- Messenger





Landart frå Bergsøy skule,
Borga



Oppvekst

Kommunalsjef: Sølvi Lillebø Remøy

Sektor oppvekst har i 2020 vore prega av målretta pedagogisk utviklingsarbeid, nytenking og digitalisering, inkludering og aktivt miljøarbeid. Dette i kombinasjon med smittevern, tilpassing til stadig nye reglar og råd, og den spenninga som følgjer med å stå i ein pandemi.

Dette har vore krevjande for alle avdelingane, og leiarar og tilsette fortener stor respekt og ros for å ha ytt tenester av god kvalitet også dette spesielle året.

Det har vore vist stor omstillingsevne ved organisering av tenestene og enorm kreativitet med tanke på læring og utvikling under stramme og skiftande rammer.

Overordna mål:

Høg kvalitet på tenestene.

God brukarmedverknad og samhandling,
internt og eksternt.

Kontinuerleg utvikling og forbetring i tenesteytinga.

Digitalisering, innovasjon og bruk av nyteknologi.

Sikre trygge barnehage- og skulemiljø,
der alle kjenner seg inkluderte.



Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)

Leiar: Randi Ottesen

DRIFT

PPT er samlokalisert med helsestasjon, barnevern og andre fagavdelingar som leverer tenester til barn og unge. Tverrfagleg samhandling er ein målretta strategi i Herøy kommune. PPT yter tenester til barnehagar og grunnskular, samt at fylkeskommunen kjøper tenester til Herøy vidaregåande skule. Tenesta arbeider med enkeltbarn og elevar med særlege behov, med kartlegging og sakkun- nig tilråding om tiltak. Dette arbeidet har vore aukande i 2020, både på barnehage- og grunnskulenivå. PPT har treff- tid i alle einingane. Det vert

lagt stor vekt på samhandling mellom PPT og barnehage/ skule, til beste for barn og elevar. Internt er det også ar- beidd mykje med utvikling av arbeidsmiljø og organisasjon i 2020. Prosessen har vore posi- tiv og ein vurderer no kva som vil vere rett organisering av tenesta i eit lengre perspektiv.

ØKONOMI

PPT har eit positivt avvik i 2020.

SJUKEFRÅVÆR

PPT hadde høgt sjukefråvær i 2020, relatert til utfordringar i arbeidsmiljøet i ein periode, som no er avslutta.

MÅL OG VERDIAR:

Vi har faste trefftider i alle barnehagar og skular.

Vi har jobbar tverrfagleg.

Vi legg vekt på kompetanse- bygging internt og eksternt.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	3,5	3,5	3,7
Budsjett	3,7	4,1	4,3
Avvik	0,2	0,6	0,6
Sjukefråvær			
Sjukefråvær	23,38	5,72	11,75
Årsverk			5,3
Tilsette			7



Herøy kulturskule

Leiar: Rune Paulsen

DRIFT

Herøy kulturskule underviser i musikk og andre kunstuttrykk. Tilrettelegging av tilboda vert gjort i tråd med behov og påmelding, samt tilgjengeleg kompetanse og kapasitet. Vi følgjer nasjonal ramme- plan for kulturskulane, og Stortingsmelding 18 *Opplæve, skape og dele 2020-2021*. Hausten 2020 hadde kultur- skulen 465 elevplassar. Det har vore nedgang i elevtalet sidan 2015, og ein har i 2020 merka dette noko meir enn elles. Mange aktivitetar kunne

ikkje fullt ut kompensert med digital undervisning under nedstenginga. Trass i eit stramt handlingsrom i 2020, har lærarane vore kreative og skapt læring og gode opplevingar for elevane. Film har vorte meir nytta.

ØKONOMI

Det negative avviket skuldast redusert brukarbetaling pga. pandemi.

SJUKEFRÅVÆR

Herøy kulturskule har hatt lågt sjukefråvær i 2020.

MÅL OG VERDIAR:

Vi har fagleg samhandling mellom musikkdisiplinar, for å skape læring og utvikling, og gode kulturopplevingar.

Vi tek i bruk ny teknologi.

Vi utviklar nye tenestetilbod.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	4,3	4,1	4,5
Budsjett	4,2	3,9	4,1
Avvik	-0,1	-0,2	-0,4
Sjukefråvær			
Sjukefråvær	11,97	1,21	2,69
Årsverk			8,6
Tilsette			15



Foto frå Herøy kulturskule
av Aina Eliassen.



Kvalifiseringssenteret

Leiar: Kari Sissel Urkegjerde Torvik

DRIFT

Avdelinga vart etablert 1. januar 2019, gjennom ei samorganisering av Internasjonal skule/vaksenopplæringa og flyktningseksjonen. Kvalifiseringssenteret underviser innvandrarakar og flyktningar i norsk og samfunnsfag. I 2020 deltok omlag 60 elevar i norskopplæringa.

Busette flyktningar deltek i introduksjonsprogrammet, der målet er at deltakarane raskt skal bli sjølvhjelpete og kome vidare til utdanning eller arbeid.

Av dei flyktningane som gjekk ut av introduksjonsprogrammet i 2019/20, gjekk 5 vidare til utdanning og 2 gjekk rett i arbeid.

Flyktningseksjon har det administrative/økonomiske og praktiske ansvaret for mottak og oppfølging av flyktningane, dei første 5 åra.

Integreringslova styrer rettar og plikter.

I 2020 vart det busett 10 flyktningar, i tråd med kommunestyret sitt vedtak. I tillegg vart det født barn etter ankomst. Det har vore søkt om ekstraordinære tilskot for å legge best muleg til rette både for barn og vaksne, noko som har blitt godkjent.

Kvalifiseringssenteret har eit særleg fokus på at busette flyktningar skal lære om arbeidslivet, og utvikle eit språk som gjer at dei kan kvalifisere seg til arbeid. Derfor vert språkpraksis kombinert med norskopplæring på skulen vektlagt, i tillegg til seinare arbeidspraksis i samarbeid med Nav.

ØKONOMI

Kvalifiseringssenteret hadde et lite negativt avvik i 2020, mot positive avvik åra før. Årsaka til det negative avviket dette året, var mange fleire flyktningar med rett til grunn-skuleopplæring for vaksne enn det som var budsjettert med, og som har vore vanleg åra før.

SJUKEFRÅVÆR

Vaksenopplæringa har ikkje hatt langtidsfråvær i det heile i 2020. Korttidsfråværet er svært lågt. Flyktningkontoret har hatt høgt langtidsfråvær, men det er ikkje arbeidsplassrelatert. Korttidsfråværet har vore lågt.

MÅL OG VERDIAR:

Styrke introduksjonsprogrammet, m.a. med fokus på arbeidsretta norskopplæring, for å sikre at fleire går over til vidare utdanning og/eller arbeid.

Vi arbeider målretta med å utvikle den psykososiale kompetansen og relasjonskompetansen.

Vi jobbar med tiltak for å styrke leseforståing og leseflyt.

FLYKTINGTENESTA:

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	0,0	-2,4	-3,7
Budsjett	-3,1	-4,6	-3,8
Avvik	-3,1	-2,2	-0,1
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	43,29	3,68	17,24

VAKSENOPLÆRINGA:

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	1,1	2,0	2,3
Budsjett	1,2	1,7	1,9
Avvik	0,1	-0,3	-0,4
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	1,81	3,86	8,46

Årsverk	6,5
Tilsette	7



Grunnskule

Leiar: Hilde Hestås

DRIFT

Herøy kommune har 5 barne- skular, 1 ungdomsskule og 1 kombinert skule 1-10.

Alle med unntak av ungdomsskulen, også med skulefritidsordning. I tillegg er Herøy vertskommune for den private Møre barne- og ungdomsskule. Dette inneber at kommunen gjer vedtak om spesialundervisning og dekkjer kostnadene til dette og til skuleskyss, samt at vi har det overordna ansvaret for gjennomføring av eksamen.

Grunnskulen skal legge til rette for fagleg og sosial kompetanse, utdanning og danning, i tråd med opplæringslova, forskrifter og det nye læreplanverket, gjeldande frå 1. august 2020.

Grunnskulane i kommunen arbeider i tråd med strategien for skuleutvikling 2018-22 «Herøyskulen – ein los i leia». Denne visjonen betyr at vi skal legge til rette for å vere med å utvikle trygge og vel fungerande barn og unge. Dei skal få ein kompetanse som gjer at dei når draumane sine, og byggjer verdiar og haldningar som fører dei på rett veg.

Dei overordna kvalitetsmåla er:

1. Alle elevar skal oppleve meistring på sitt nivå,

innanfor dei grunnleggande ferdigheitene lesing, skriving, rekning munnleg og digitalt.

2. Alle elevar skal inkluderast i elev- og læringsmiljøet, bli sett og verdsett.
3. Opplæringa skal bidra til at fleire elevar greier å fullføre vidaregåande skule.

I 2020 har det vore arbeid med alle måla, ved at skulane har delmål og utviklingsmål i tråd med dei overordna måla. Det har særleg vore arbeid med lesing, i den heilskaplege satsinga på språk og lesing.

Grunnskulane har vore gjennom eit stort digitalt løft i 2020. Skulane var allereie i gang med det digitale skiftet i form av digitalt utstyr til elevane, utbygging av betre infrastruktur og opplæring av tilsette, då pandemien stengde skulane. Heimeskule med digitale læremiddel, kommunikasjon og formidling medførte ei bratt læringskurve for mange. Herøyskulen bestod testen med glans, og tilsette fortener stor ros.

Statsforvaltaren gjennomførte i 2020 tilsyn ved Ytre Herøy ungdomsskule.

Gjennom tilsynet fann ein at skulen oppfylte lovkrava på dei fleste av kontrollområda.

MÅL OG VERDIAR:

Vi har teke i bruk fagfornyinga, med overordna del og nye læreplanar i 2020.

Utvikle profesjonsfellesskap for felles deling og læring.

Kompetansebygging innan lesing og utvikling av digital kompetanse.

Førebygging og handtering av trygge elev- og læringsmiljø.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	107,1	107,5	108,8
Budsjett	109,2	108,0	110,4
Avvik	2,1	0,5	1,6
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	6,24	6,27	6,36
Årsverk			142
Tilsette			171

Det vart funne nokre mindre manglar, som no er retta opp.

ØKONOMI

Grunnskulane hadde eit positivt avvik i 2020.

SJUKEFRÅVÆR

Grunnskuleavdelinga har eit høgare langtidsfråvær enn vanleg. Det er ikkje kjent arbeidsplassrelatert, men gjeld i hovudsak lange behandlingsslop. Trass i pandemi, har det vore forholdsvis lite korttidsfråvær.



Barnehage

Leiar: Elisabeth Warpe

DRIFT

Herøy har 4 kommunale og 5 private barnehagar. I tillegg til å drive dei kommunale barnehagane, har kommunen tilsynsansvar og ansvar for driftstilskot til dei private barnehagane. Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ta i vare barna sine behov for omsorg og leik, fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.

I 2020 var det omlag 120 barn i kommunale og 300 barn i private barnehagar. Barnehagane samarbeider om internkontroll, kvalitetsutvikling og pedagogisk utvikling gjennom jamlege felles styrmøte.

Ein ny lokal rammeplan vart utarbeidd i 2020, for perioden 2020 – 2024. Den lokale rammeplanen er felles og forpliktande for alle barnehagane i kommunen. Fokusområda i denne 4-årsperioden skal vere:
Leik og læring.
Relasjonskompetanse.
Livsmeistring og helse.
Språk og kommunikasjon.

I 2020 har det særleg vore arbeidd med retten til eit trygt barnehagemiljø, som vart nedfelt i Lov om barnehagar

gjeldande frå 1.j anuar 2020. Det har vorte utarbeidd ein plan for arbeidet, samt gjennomført kurs for alle tilsette i barnehagane.

Språk og kommunikasjon har også hatt eit særleg fokus i 2020. Barnehagane jobbar systematisk og målretta for at barna skal få utvikle omgrepsforståinga si og få eit godt ordforråd. Dette er grunnlaget for ei god språkutvikling og språkforståing, og for lese- og skriveopplæring i skulen. Det har vore sett inn særlege tiltak for minoritets- og sårbare barn. Ei heilskapleg satsing på språk og lesing i barnehage og skule er ramma for dette arbeidet, som skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda, Lesesenteret ved Universitetet i Stavanger og Nynorsksenteret.

ØKONOMI

Barnehageavdelinga hadde eit negativt avvik i 2020. Dette skuldast i hovudsak stor auke i ekstra tiltak til barn med særlege behov.

SJUKEFRÅVÆR

Korttidsfråværet er lågt i avdelinga. Det er likevel ei lita auke frå 2019, men dette er i hovudsak relatert til korona og testing. Langtidsfråværet

MÅL OG VERDIAR:

Vi arbeider for å fremje eit inkluderande miljø, der alle barn kan delta i leik og læring

Bygge kompetanse

Legg til rette for barn sin medverknad og undring, slik at dei opplever meistring

Nytte verktøyet «Være sammen», eit program for inkluderande barnehagemiljø

Bevisste på å skape den autoritative barnehagen

Vi nyttar ulike verktøy for å stimulere, synleggjere, kartlegge og visualisere ord og innhald

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	68,1	68,0	75,1
Budsjett	68,3	71,3	74,4
Avvik	0,2	3,3	-0,7
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	12,58	11,07	11,84
Årsverk			40
Tilsette			48

har samla sett gått ned. Det er god dialog mellom leiarar og tilsette, og ein arbeider systematisk for å legge til rette, slik at dei som kan, får høve til ein gradvis auke i sin arbeidskapasitet.





Det var offisiell opning
av by- og bubilparken
i Fosnavåg i september.





Samfunnsutvikling

Kommunalsjef: Andreas Christian Nørve

Det krev mykje av avdelingane å imøtekomme krav og forventningar, både frå publikum, politisk miljø og til lovkrav og føresegnar som skal fylgjast. Særleg merkar sektoren ein auke i næringsaktivitetar, og med det, behovet for å ha ei aktiv rolle som medspelar for næringslivet. I åra som kjem må ein forvente at det vert krav til berekraft og klima i organisasjonen som heilskap.

Av investeringsprosjekt som var starta opp i 2020 kan ein nemne ferdigstilling av by- og bubilparken i Fosnavåg, utviding av industriområde på Eggesbønes, planlegging av infrastruktur i Nørvågen og oppstart av forarbeid til nytt byggefelt Bø/Arhaug. Handsaming av Fosnavåg hamn prega også 2020.

Overordna mål:

Legge tilrette for at Herøy kommune skal vere ein god plass å bu, arbeide og besøke.

Sikre god brukarmedverknad og løpande utvikling i tenesteytinga.

Leverer tenester i samsvar med brukarane sine lovfesta rettar.

Tenkje innovasjon og ny teknologi i tenesteproduksjon.



Anlegg og drift

Leiar: Fred Arnesen

DRIFT

Uteseksjonen har hatt tilhald i RA2. Arbeidsoppgåvene strekker seg frå snørydding og vegvedlikehald, tursti og idrettsanlegg og andre driftsoppgåver, i tillegg til sakshandsaming innan fagområda. Av prosjekt kan vi nevne industriareal Mowi, Nærøykrysset, fortau Nærøya, bustadfelt Bø/Arhaug m.l. Avdelinga har samarbeida med Utsikten, der ei gruppe hadde arbeidstrening med ulike praktiske oppgåver.

ØKONOMI

I 2020 fekk vi tildelt ein del koronamidlar til driftstiltak, noko som bidrog til at vi fekk reasfaltert ein del parti. Dette gir betre økonomi på kort og lang sikt. Utsikten har bidrege til kvalitetsheving på mindre vedlikehald. Ein mild vinter verkar også positivt inn, då vinter- og sommarvedlikehald vert sett under eitt.

SJUKEFRÅVÆR

Store delar av fråværet kjem av strengare krav om å halde seg heime ved sjukdom og periodar med stengde skular og barnehagar.

MÅL OG VERDIAR:

Vi har låg terskel for å ta opp forhold på avdelinga.

Vi legg vekt på sjølvstendig arbeid som gir tillit og meistringskjensle.

Møte innbyggjarane med ein god tone og rettleie dei så godt som mogleg.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	7,7	8,7	10,1
Budsjett	8,2	8,9	12,8
Avvik	0,5	0,2	2,7
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	8,70	4,71	2,38
Årsverk			9,4
Tilsette			10



Utvikling

Leiar: Ole Magne Rotevatn

DRIFT

Det har vore svært høg aktivitet på alle fagområda i 2020 (plan, byggesak og oppmåling). Samstundes påla kommunestyret ei innsparing på 3 mill. kr som gjorde at avdelinga har måtta holdt stillingar vakante. Redusert bemanning kombinert med stor arbeidsmengd har vore krevjande for dei tilsette.

ØKONOMI

Meirforbruk på 0,6 mill. kr kjem av rammeinnsparing på 3,0 mill. kr. som vart lagt på utviklingsavdelinga.

Avdelinga har såleis klart ei innsparing på 2,4 mill. kr.

Avdelinga har teke noko av innsparingskravet ved at: kommunalsjefen har vore utleigd til Vanylven kommune. har halde ei landmålastilling vakant i 8 månadar. byggesakshandsamar har hatt permisjon 1. halvdel av året og ein planleggar har hatt permisjon 2. halvdel, utan å sette inn vikar.

reduisert innleige av konsulentbistand for å klare innsparingskravet. Det gjekk utover tenesteproduksjonen.

MÅL OG VERDIAR:

Møte innbyggjarar med respekt og openheit, og gi ærlege tilbakemeldingar i sakene som dei legg fram.

Halde fristar og gi beskjed om vi ikkje klarer det.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	4,7	5,4	5,6
Budsjett	6,4	6,6	5,0
Avvik	1,7	1,2	-0,6
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	1,04	1,12	3,79
Årsverk			8,5
Tilsette			10

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er lågt.



Landbruk

Leiar: Anne Kathrine Løberg

DRIFT

I 2020 var det registrert vedtak i 99 saker som gjeld tilskot til miljøtiltak i jordbruket og til drenering, og til løyve etter jordlov, konsesjonslov, skoglov og viltlov. Sakene er fordelt med Herøy (46), Ulstein (27), Hareid (24) og Sande (2).

Vi har arbeidd særskild med systematisk oppfølging av driveplikta etter jordlova i Hareid kommune. Arbeidet med kommunedelplan landbruk i Ulstein har kome godt i gang og vert slutført i 2021. Gardsarkiv for kommunane vart levert til digitalisering

hos IKA. Kommunane fekk overført ordningane for tilskot til skogsdrift med taubane og tilskot til skogsvegar frå Fylkesmannen frå 01.01.20. Det vart utarbeidd og vedteke lokal strategi for tilskotsordningane. Strategien er lik for alle fire kommunane.

ØKONOMI

Gebyrinntektene er om lag på same nivå som tidlegare og det er ingen store endringar i økonomien i avdelinga frå førre året. Det vert nytta avsette midlar til digitalisering av arkivet.

MÅL OG VERDIAR:

Nytte digitale fagsystem og er oppdatert på regelverk.

Legge vekt på rettleiing til gardbrukarane ved personleg kontakt og sending av infoskriv ein til to gonger per år.

Møte med kommunane kvart år om rutinar.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	1,2	1,2	1,3
Budsjett	1,3	1,2	1,5
Avvik	0,1	0,0	0,2
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	2,37	1,97	1,18
Årsverk			3,5
Tilsette			4

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet er lågt.



Brann

Leiar: Tore Langvatn

DRIFT

Herøy brann og redning har hatt eit utfordrande år med mellombelse lokale i påvente av ny brannstasjon. I tillegg har covid-19-situasjonen sett avgrensingar for øvingar, samlingar, førebyggjande tenester og feiing/tilsyn. Det er blant anna utført branntilsyn og tiltak retta mot risikogrupper, i samarbeid med andre avdelingar.

Ein har iverksett system for mottak og oppfølging av bekymringsmeldingar, innført ny feiemodul i KOMTEK m.m.

ØKONOMI

I 2020 har ein hatt eit meirforbruk på om lag 800 000 kr. Det skuldast at ein har fått bemanninga opp på lovleg nivå, utan å tilføre lønsmidlar. Det vart i tillegg gjennomført opplæring som akutthjelpar på alle mannskap. 4 sjåførar fikk lovpålagt retrening for 160-kode og to brannkostablar fekk fullført grunnutdanning.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråveret har gått ned.

MÅL OG VERDIAR

Vi legg vekt på involvering og inkludering.

Vi skal ha stor takhøgde og respektere andre og kvarandre.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	8,9	8,1	9,6
Budsjett	8,8	8,5	8,8
Avvik	-0,1	0,4	-0,8
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	8,75	2,84	2,61
Årsverk			3,8
Tilsette			28



Kultur

Leiar: Petter Ole W. Kopperstad

DRIFT

Kultur består av dei fire seksjonane: biblioteket, barn og unge, frivilligsentralen og kulturproduksjon. Vi har bak oss eit år der pandemien sjølv sagt har skapt utfordringar for ei avdeling som i så stor grad leverer publikumsarrangement og –tenester for folk i mange ulike aldrar. Dei tilsette har stått i det på prisverdig vis og teke reglar og endringar etter beste evne, og formidla så mykje som har vore lov.

ØKONOMI

Nettoresultat viser eit mindreforbruk på 1,2 mill. Rekneska-

pen viser 8,9 av budsjettet 10,1. Der er variasjonar innanfor avdelinga. Konserthuset gjekk litt betre enn forventa, og kinoen litt dårlegare. Enkelte avdelingar har hatt fråvær utan at der har vore vikar. Ungdomsfritidsordninga kom i gang seinare enn rekna med, slik at også der er eit mindreforbruk.

SJUKEFRÅVÆR

Sjukefråværet var høgt i 2020, på grunn av særleg langtids-sjukefråvær. Det vart sett i verk tiltak og jobba med situasjonen på slutten av året. I april 2021 har stoda endra seg positivt, og nærveret er betra.

MÅL OG VERDIAR:

Vi vil i arbeidet med oppstarta OU-prosess, utarbeide eigen verdiplakat, arbeid med verdiorda til kommunen og gruppa ynskjer samarbeid og god kommunikasjon.

	2018	2019	2020
Netto resultat (i mill.)			
Rekneskap	8,9	8,6	8,9
Budsjett	8,6	8,4	10,1
Avvik	-0,3	-0,2	1,2
Sjukefråvær i prosent			
Sjukefråvær	13,44	6,0	8,58
Årsverk			11,3
Tilsette			15

Kommunikasjonsprisen 2020

På nyåret 2021 vart kommuneoverlege Bjørn Martin Aasen overrekt kommunikasjonsprisen for 2020.

I grunngjevinga for utdelinga heiter det at:

«Prismottakaren for 2020 er ærleg og presis i både ord og tale. Arbeidet som har blitt gjort har skapt tillit og tryggleik. Det har vore svært viktig i 2020 då koronapande-

mien tok grep over oss. Prismottakaren stiller alltid opp til artiklar, bilete, videoar og på direktesendt radio, så lenge det gagnar målet om å nå innbyggjarane med tydeleg og rett informasjon, både lokalt, men også regionalt.

Prismottakaren er tilgjengeleg for å svare ut spørsmål frå innbyggjarane våre og er oppteken av å skape ein god og forståeleg dialog.

Prismottakaren er rask, engasjert i kommunikasjonsarbeidet og ser viktigheita av å vere i forkant både på nettsida, til media og i sosiale medium.

Prismottakaren ser alle målgrupper og samla sett fremjar han kommunikasjonsarbeidet til Herøy kommune på ein svært god måte.»

Presentasjon for kriseleiinga.
01.03.21

Kst kommuneoverlege Bjørn Martin Aasen

Kommune 01.03.21 - Kst kommuneoverlege Bjørn Martin Aasen



Herøy kommune
Rådhusgata 5

Postboks 274
6099 Fosnavåg

